

Merknad til interkommunal plan for sjøareal - etter 2. gongs høyring					
Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merkningen - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merkning	Motsegn
1	20.04.2023	Kystverket	<p>Motsegn - Hjeltevarde</p> <p>Kystverket fremma motsegn til akvakulturområdet (AKV) i Fedje kommune til 1.gongshøyringa då akvakulturområdet kjem i konflikt med kvit sektor og eit viktig losbodingsområde.</p> <p>Kystverket har og tidlegare hatt motsegn til dette AKV-området ved Hjeltevarde. Allereie i 2008 fatta Kystverket avslag på søknad om akvakultur i same området. I 2014 vart det gitt avslag på søknad på Tednenseset (Hjeltevarde), som vart klagehandsama i 2015 og sendt til Samferdselsdepartementet for avgjerd. Departementet konkluderte i 2017 med at det ikkje var grunnlag for å gjera om Kystverket sitt vedtak om avslag. Eit akvakulturanlegg ved Hjeltevarde vil virke på trafikktryggleiken i området. Etablering av akvakulturanlegg krev løyve etter havne- og farvannslova §14. Kystverket er ikkje innstilt på å gi løyve til å ligge i, eller nært opp til kvit sektor frå Fedje fyrlykt. Akvakulturområdet kjem inn i eit viktig losbodingsområde (område for å hente og sette av los til/frå fartøy). Området på austsida av Fedje gir le for vestleg vind og sjøgang. Ved vanskelege værforhold må fartøya segle så nært opp mot land som mogleg for å sikre le for å utføre ein sikker losbording. Etablering av anlegg i dette området vil avgrense ein trygg manøver nært land ved Hjeltevarde.</p>	Området AKV Hjeltevarde har vore dikutret over tid og fulgt planarbeidet heile vegen. Kystverket og Fedje kommune er sakleg ueinige og kommunen ønskjer at området/arealet skal følgje ved framlegget til plan vidare. Om motsegna vert ståande ønskjer kommunen og bringe saka til mekling. I høve til framdrift og vedtak har ein tidlegare kunne vedta plan som sådan og unnta uavklart område for rettsverknad fram til det ligg ei endleg avgjersle. Denne prosedyren er ønskje avklart før framlegget til plan vert lagt fram for endeleg handsaming i kommunane.	Motsegn
1	20.04.2023	Kystverket	AKV området Ospeneset i Gulen kommune er tatt ut av arealplankartet, og Kystverket trekker dermed vår motsegn mot AKV området Ospeneset.	Området AKV Ospeneset i Gulen kommune er etter motsegn og seinare samtale med Kystverket teke ut av framlegget til plan.	
1	20.04.2023	Kystverket	Kystverket trekker motsegn mot bruk av arealføremålet «einbruk fiske», då arealplankartet er endra til kombinert føremål Fiske/Farled (VK_FAFI) der fiskeområder og areal til farleia er i same området. Kombinert område VK_FAFI er forankra i føresegn 3.1.12 a).	I område der fiske (FI) og farled (FA) er overlappende er plankartet justert frå einbruk til fleirbruk og grunnlaget for moteseign er vekke.	
1	20.04.2023	Kystverket	Kystverket kan ikkje se at våre faglege råd er kommentert i «Merknad til 1.gongshøyring – gjennomgang. Vedlegg til 2.gongs høyring».	I dette tilfellet har det skjedd ein eller anna form for teknisk glipp då Regionrådet ikkje har motteke brev frå Kystverket datert 15.12.22 samstundes som Kystverket kan stadfesta at brevet er sendt digitalt og dette er kvittert i postsystemet.	
1	20.04.2023	Kystverket	<p>Viser til teams møte 3.mai med gjennomgang av Kystverkets sine faglege råd til IKP Nordhordaland. Det kom opp spørsmål om Kystverket hadde merknader til areal til råstoffutvinning (her skjellsand). Uttak av skjellsand blir vurdert som tiltak/aktivitet på lik linje med all annen aktivitet/tiltak i farvannet, dvs. vurdering om selve handlingen med uttak av skjellsand påvirker sikkerheten til sjøtransporten. Viser til Havne- og farvannsloven §14 første ledd:</p> <p>§ 14. Tiltak som krev tillatelse</p> <p>Tiltak som kan påvirke sikkerheten, ferdsele eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, kan ikkje etableres uten tillatelse. Som tiltak regnes både innretninger, naturinngrep og aktiviteter. Det kan ikkje gis tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.</p> <p>Kystverket skal være med i høyringen før fylkeskommunen gir konsesjon til uttak av råstoff, og vurderer i denne høyringsrunden om tiltaket kan være søknadspliktig.</p> <p>Til informasjon vedlagt uttalelse der Kystverket har vurdert at aktiviteten er søknadspliktig på grunn av nærhet til trafikkert farled.</p>	Då det vart klart at Regionrådet ikkje hadde motteke brev frå Kystverket 15.12.22 fekk ein dette sendt over. Etter interen gjennomgang vart det gjennomført møte/samtale med Kystverket (teams) der ein hadde gjennomgang av faglege råd i brevet. Sekretæriatet oppfattar etter møte at faglege råd er tatt i vare og i naudsynt grad er handtert i plandokumenta og det vert ikkje ein detaljert gjennomgang av dette her.	
2	19.04.2023	Agnar Nygård(ektemann til eier Jorunn Nygård)	<p>Gjelder 168/16 i Fedje kommune.</p> <p>Ved 1.gangs høyring var det fremmet forslag om at fiskerikai på bruket skulle fortsatte å være fiskerikai.</p> <p>Nå vil vi at resterende sjø/strandlinje mellom eksisterende kai ( 168/16) og 168/450 skal avsettes til forlengelse av fiskerikai,opplagsplass,sjø- og rorbuer.</p>	Arealet ligg i gjeldande plan som småbåthamn utan plankrav. Ønskje frå eigar om mellom anna kai og rorbu krev ei vid vurdering av tilhøva på land. Dette bør og kan gjerast samstundes i revisjon av KPA Fedje (Land og Sjø) eller gjennom detaljplan.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merkna den - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merkna d	Motsegn
3	12.04.2023	Bergen Sjøfartsmuseum	Me er positive til at Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal laga ein interkommunal plan for sjøareal. Med sine over 90 ulike marinarkologiske lokalitetar i sjø, lange kystlinje og rike maritime kulturlandskap har Bergens Sjøfartsmuseum mange prioriterte område for kulturminne i disse kommunane. Også Modalen som per dags dato ikkje har registrerte kulturminne i vatn har område som er interessante frå eit marinarkologisk perspektiv. Arbeidet med kulturminne under vant er pågåande og omfattande, og Bergens sjøfartsmuseum er derfor avhengig av at alle plan og tiltak som råka vatn varslast til museet via Vestland fylkeskommune.	Vi er samd med at det med stort sannsyn er mange uregistrerte minne i sjø. Generelt har vi med oss at det ligg ei plikt knytt til aktsomhet og varsling når ein gjennomfører tiltak. Meiner dette er dekkja på naudsynt vis i føresegna som t.d. pkt. 2.2 c).	
4	24.04.2023	Øivind Eikefet (leder i Naustvågen båtlag)	Ser på utlagt plan at det er avsatt område til småbåthavn i Skuthamna, Hella. Dette er en god bekreftelse på dagens bruk. I tillegg er det etablert småbåthavn i Naustvågen med egen reguleringsplan og det er også flytebrygger på Helleneset. Kartet er litt uklart på disse områdene, men jeg mener uansett at det burde vært angitt at her er det etablerte småbåthavner.	I området Hella er det 3 registreerte småbåthavner som er tatt i bruk. For Helleneset båthavn og Naustvågen er det utarbeidd reguleringsplan. Skuthamna (SH_55 Alver) er registrert som området for småbåthavn med plankrav. Område med gjeldande reguleringsplan er ikkje med i planområde i dette arbeidet. Vert tatt stilling til når arbeidet med KPA LAND vert gjennomført.	
5	14.04.2023	Aage Langhelle	Hei, det er mulig jeg vil komme med innspill, men først har jeg har to spørsmål: 1. Så vidt jeg kan se er det markert på kartet to småbåthavner på Stavenes i Vaksdal kommune. Det var for noen år siden en plan/forslag til det. Den ble lagt til side etter protester fra beboere. Ligger det fore nye planer om småbåthavn på Stavenes? 2. Vil oppdrettsanlegget i nærheten av Sandvik (mot Langhelle) starte opp igjen? Mulig jeg har oversett informasjon, men jeg har ikke funnet noe konkret om dette i planen.	Er i samråd med Vaksdal kommune v/Knut Trefall besvart i epost 14.04.2023	
6	30.03.2023	Kobbevik og Furuholmen	Må få inn areal som gir rom for forflåten.	Etter dialog med Austrheim kommune og tiltakshavar vert arealet for lokaliteten justert slik at eksisterande forflåte kjem innan for areal satt av til akvakultur.	
7	26.04.2023	Karianne Iø	Det vises til 2. gangs høring av IPS.  Vårt innspill er tatt med blant de 67 innspillgivere som er kommet med i 2. gangs høring. Se innhold fra vår innsigelse som er kommet med under. Som respons er det skrevet dette i notat:  "Merknad: Forslaget tas med i arealplan land. " Hva menes med at "forslaget tas med i arealplan land" og hva innebærer dette?	Arbeidet med IKP Sjø berører naturleg ein del tilhøve, tiltak eller innspel som gjeld både for land og sjø. Utgangspunktet for dette arbeidet har vært bare sjøareal og stoppe i fjæra. Spørsmål som gjeld både sjø og land har fulgt oss heile vegen og etter samråd med Statsforvaltar vart ein samd om at desse innspela/tiltak vert ført over til arbeidet med kommuneplanens arealdel for land som no er i gang i Alver. Det er difor ein del innspel som kommentert med "Forslaget tas med i arealplan land" og vert handsama der.  Du finn informasjon om denne planprosessen på heimesida til Alver kommune og kontaktperson er min kollega Marte Eriksrud som er på kopi på denne mail.	
8	27.04.2023	Sue Janne Alsaker og Lars S. Alsaker	Vi er grunneiere til 167/2 i Fedje kommune. Det er positivt at arealene utenfor vår eiendom i Rognsvågen fortsatt arealdisponeres til småbåthavn, slik at vi har mulighet til å legge ut en liten flytebrygge – se nordligste SH_02 – område på østsiden av Rognsvågen. De lokale forholdene tilsier imidlertid at det hadde vært hensiktsmessig om grenselinjen for SH-arealet ble utvidet bare 4-5 meter vestover. Da kan flytebrygge legges ut på det best egnede stedet. Innerste delen av bukten er for grunn. Slik mindre justering mener vi kan gjøres uten ny høring av plan (i motsatt fall er jo høringsinstituttet uten mening). Endringen kan gjøres arealnøytralt ved at kvadratmeterne fra innerste del (4-5 meter) – som uansett ikke kan brukes – heller legges utenfor der det er egnet å legge flytebrygge.	Det skjer ingen justering av småbåthavn i dette arbeidet. Kun ei vidareføring av eksisterande. Endring av småbåthavn må Fedje gjennomføre ved ein rulling av arealplan for land, der ein ser sjø og land i samanheng.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
8	27.04.2023	Sue Janne Alsaker og Lars S. Alsaker	Videre er vi også eier av utmarksteig i Storemark 167/2. Det er arealdisponert nytt akvakulturområde i Fedjefjorden rett øst for vår eiendom her. Vi mener dette er et meget godt egnet areal for AK – som ikke er i veien for noe eller noen. Vi har således ingen innvendinger til at det legges et AK-område utenfor vår utmarkseiendom her.	Tatt til orientering	
9	07.05.2023	Geir Magne Gammersvik leiar HGSL	Det er difor eit legitimt krav at desse lakseplassane vert registrert og teikna inn på kartgrunnlaget for planen på lik line med kaste og låssetjingsplassar som for ein del allereie synes å vera inneikna på plankart for forvaltning av sjøareal. Slik kan ein ta hensyn til lokale rettigheter og vonaleg unngå at rettighets- havarar vert overkøyrd i framtidige planar. Vidare vil ei slik registrering av lakseplasser sikre at kommunane håndterer saker knytta til bruken av sjøarealet best mogeleg .	Med dei rammene som ligg i planlova og skildringa av føremål som kan brukast meiner arbeidsgruppa at det ikkje er grunnlag til å teikne inn laksefiskeplassar, som er privaterettigheter, inn i kart på dette plannivået.	
9	07.05.2023	Geir Magne Gammersvik leiar HGSL	HGSL meiner at framtidias oppdrett av fisk må føregå i lukka utsleppsfrie anlegg. Ein vil då unngå forureining og rømming frå anlegga, luseproblematikken vert løyst og ein har heller ikkje lenger trong for rensefisk. Foreslår at arealplanen tar inn eit krav om at anlegga i regionen skal vere lukka anlegg i løpet av ein tidsperiode på eksempelvis 5 år.	Sjølv om det er ønskeleg har kommunane pr i dag ikkje høve til å seie noko om teknisk utforming av akvakulturanlegg. Ein kan seie noko om forureining og ein verksemd sin påverknad på miljøtilhøve. Det er gjort i framlegget	
10	07.05.2023	Annbjörg Raknes	Eigar av 4630-111/4/0 - Utfrå plankartet ser ein at mesteparten av strandlinja mi er merka av som friluftsområde. Dette harmonerer dårlig med beiteområde, som er definert i nibio sitt kart som innmarksbeite. Utfrå beiteloven er det begrensninger i bruk av område. Landbrukskontoret er også skeptisk til meir trafikk i området, i forhold til beitedyra. Eg ser helst at den foreslåtte arealbruken vert stroke.	Denne angår også land. Saka må eventuelt sjåast på ved handsaming av arealplan for land.	
11	04.05.2023	Reigstadvegen 125 AS	I innspelet som vart sendt inn til IKP SJØ NH, datert 05.12.2022, vart det fremma eit ynskje om at det vert regulert areal til ny småbåthamn i sjøarealet tilgrensande gbnr. 146/17, Osterøy kommune. Innspelet til IKP SJØ NH vart sendt som ein naturleg oppfølging til eit anna arealinnspelet som vart sendt i forbindelse rulleringa av KPA for Osterøy. I samband med rulleringa av KPA vart det i juni 2022 sendt inn eit innspelet for gbnr. 146/17, der det vart fremma ynskje om at eigedomen regulerast til bustad, eller eit kombinert føremål med næring, for å legge til rette for til dømes reiselivsverksemd. Forslaget om ny småbåthamn vart ikkje inkludert i innspelet til KPA, då det som hovudregel ikkje vart opna for arealinnspelet i tilknytning til sjø – og strandsona, i samband med rulleringa av KPA for Osterøy. På bakgrunn av ovannemnte forhold, ber ein om at innspelet som vart sendt i samband med 1. gangs høyring og offentleg ettersyn, datert 05.12.2022, vert vurdert på nytt.	Dette er eit tiltak som vil stille krav til landdelen. Difor bør dette tiltaket vurderast i samanheng med kommuneplan for land.	
12	05.05.2023	Fedje kommune	Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen. Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan vere nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald. Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle partar. I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde. Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.	Fedje kommune har vor ei dialog med mellom anna Kystverket over tid. Dei er sakleg ueinige med kvarandre og kommunen ønskjer område tatt med vidare i planarbeidet. Kommunen styrar i utg.pkt. vidare dialog med Kystverket. Slik stå er no vil ei konkludere med at saka går til mekling.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Med utgangspunkt i HI sin risikorapport for PO4, den interkommunale planen sine konklusjonar i kap. 9 og føringane som vi elles legg til grunn ønskjer Naturvernforbundet Nordhordland at: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Produksjonsvolumet for tradisjonelt oppdrett av laksefisk i Nordhordland vert redusert.</li> <li>• Produksjonsarealet for akvakultur vert redusert.</li> <li>• Eksisterande lokalitetar med høgt konfliktnivå vert lagt ned og nye lokalitetar med høgt konfliktpotensiale ikkje blir tekne med i planen.</li> </ul>	Arbeidet med interkommunal plan for sjøareal har eit breidt kunnskapsgrunnlag og ma. risikorapport frå Havforskningsinstituttet (HI). Ein er samd lom kunnskap og dels konklusjonar, men arealplan styrer ikkje volum på biomasse. Med grunn i den kunnskapen ein har vert arealdiponeringa endra ein del og ein tar mellom anna ut eldre, mindre og lite drivverdige lokalitetar i planområdet. Grad av konfliktnivå er diskutabelt og eventuelle problemstillingar vert ikkje naudsyntvis løyst ved å ta ut arealføremål.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Radfjorden Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst tre av lokalitetane, fortrinnsvis Ramsvik, Grasholmen og Bogno. Dessutan bør Toska S i den tilstøytande Mangersfjorden vurderast for nedlegging. Så lenge lokaliteten er i raud sone, er Naturvernforbundet sterkt kritisk til at Vestland fylkeskommune i 2021 gav løyve til å utvida Toska S frå 1560 tonn biomasse til 3620 tonn, også rådd frå av Statsforvaltaren. Om ikkje lokaliteten vert nedlagt slik vi primært ønskjer, må i alle høve konsesjonen reduserast til tidlegare nivå, dvs. 1560 tonn.	I framlegget til plan er det tatt innspel frå tiltakshavar (Blom) om omstrukturering slik ein meiner at og tiltak om dette i Austfjorden vil forbetre tilhøva. I framlegget er lokalitetane Bogno og Ramsvika tatt ut som akvakulturområde. Så er det fortsatt slik at arbeid med arealplan ikkje kan si noko om driftsform og volum på biomasse knytt til akvakulturanlegg. Arealplan har heller inga ramme for å faktisk legge ned lokalitetar. Kan gjere det vankselegare å drive ved å fjerne arealføremål, men lokaliteten kan framleis drivast på ubestemt tid.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austfjorden og Hindenesfjorden Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst ein av lokalitetane i Austfjorden, fortrinnsvis Leirvika, og nedlegging av Storskrebukti i Hindenesfjorden.  Innspelet om samanslåing av Leirvika og Rekeviki må avisast. Det same må innspelet om ny lokalitet Einestrand og Sørkvingevågen.	I indre del av Fensfjorden, Aust- og Hindenesfjorden legg ein i plan opp til ei omstrukturering. Det inneber at fleire, mindre og eldre akvaområde som dels ikkje er i bruk vert tatt ut av plan. Av område som er i bruk ønskjer ein å samordne fleire område til eit større. Etter 1GH vert område (Vikane) i Masfjorden prioritert. Konsevensutgreiinga er nok raud av ulike grunner, men ein meiner at samla sett vert ei gjennomføring av tiltaket ei forbetring.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Masfjorden Med dette som bakgrunn går Naturvernforbundet i mot utvidinga av lokalitetane Ådnekvam og Duesund og ny lokalitet ved Totland. Totland vert rådd frå i KU på grunn av høgt konfliktpotensiale for landskap. Naturvernforbundet støttar denne vurderinga.	Lokalitetane Ådnekvam og Duesund (Masfjorden) er eksisterande og vert ført vidare i plan etter dialog med ma. Statsforvaltar. Arealinnspel for endring er vesentleg redusert i høve til 1GH. Når det gjeld område Totland (Masfjorden) gjeld dette både land og sjø. Det er ikkje komen tydeleg fram at eventuelt titak på land mykje skal skje i fjellhall og gjer slik sett ikkje inngrep i landskap. Vidare at tiltak i strandsone i all hovudsak gjeld eldre fabrikanlegg som står til nedfalls. Dette er ei sak som Masfjorden ønskjer ført vidare.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Ånnelandssundet Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst ein av lokalitetane, anten Hyseneset eller Gråvika. Vi går dessutan i mot innspelet om utviding av Gråvika slik også KU gjer.	Lokalitetane Gråvika og Hyseneset (Gulen) vert ført vidare. Lokalitet Gråvika er litt utvida og justert etter dialog med Kystverket.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Sørfjorden Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst ein av dei etablerte lokalitetane, fortrinnsvis Skaftå, og går dessutan sterkt i mot ny lokalitet på Vikna. Vi ønskjer ikkje utviding av Skaftå.	I Sørfjorden (Osterøy) vert den eksisterande lokaliteten Vikna som ikkje er i bruk tatt ut av plan. På lokalitet Skaftå vert arealet endra og noko redusert, men ført vidare.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Ytre Osterfjorden Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av lokalitetane på Tepstad og Eikebæråna. Vi går i mot utviding av Tepstad.	Lokalitetane Tepstad (Osterøy) og Eikebæråna (Alver) vert ført vidare. Området for lokalitet Tepstad vert endra og flytta noko ut i frå land.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim Nedlegging av Allersholmen Eksisterande lokalitet for torskeoppdrett, Trøvika. bør leggast ned av di torskeoppdrett på generell basis slit tungt med sjukdom og mykje røming med stor risiko for genetisk skade på kysttorken.  Innspelet om kombinert hamn og akvakultur i Øksnesmarka må avisast på grunn av høgt konfliktnivå. Innspelet om endring av lokaliteten Øksneset vil i følgje KU bandleggja 20-25 % av rekefeltet i Åråsvågen. Innspelet må difor avisast.	Ein arealplan legg ikkje ned drift på ein lokalitet for oppdrett, men ein kan ta arealføremålet ut av plan og slik sett gjere det vanskeligare å gjere endringar i eller på anlegget. Når det gjeld Åråsvågen har ein vore i dialog ma. med Austrheim kommune. Lokalitet Øksnes vert ført vidare og arealendringa synes å ha aksept sjølv om den kjem ut i rekefeltet. Når det gjeld kombinert område knytt til Øksnesmarka er dette utfordrande, men ønskja av Austrheim kommune. Inntil vidare følg det planarbeidet.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Sivilombodet har gjeve Naturvernforbundet medhald og har bede Kommunal- og distriktsdepartementet om ny vurdering av lokalitetane, dvs. Gjerdneset, Skjelanger og Kjeppvikholmen.  Det vil vera naturleg å gjera slik vurdering i Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Det er ikkje gjort, men Gjerdneset og Skjelanger er som dei einaste i planen likevel gjort om frå akvakulturføremål til bruk og vern av sjø og vassdrag, men altså utan KU. Vi spør oss kvifor ikkje lokaliteten Kjeppvikholmen og fleire andre eksisterande lokalitetar med konfliktpotensiale ikkje er tekne ut av planen slik som Gjerdneset og Skjelanger. Uansett meiner Naturvernforbundet at Sivilombodet si avgjerd ansvarleggjer Alver kommune å vurdere Kjeppvikholmen på nytt. Det bør skje ved at kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver) vert innarbeidd i den nye interkommunale planen for sjøareal.	Generelt må det presiserast at det eksisterar det ikkje nokon kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver). Når det gjeld det å ta ut arealføremål frå plankartet kan dette gjerast utan KU. Dei tidlegare fleirbruksområda for Skjelanger og Gjerdneset som låg inne i kommuneplanens arealdel for Meland har i prosessen med dette planarbeidet vert spelt inn på nytt som areal for einbruk akvakultur. Dette låg til vurdering før 1GH og blei gjennom arbeidet med KU fasa ut av planarbeidet. I høve til vurderingar knytt til kommuneplanens arealdel for Meland kommune har departementet gjennomgått saka på nytt og har ikkje funne det naudsynt å ende grunningjevning eller konklusjon knytt til lokalitetane Gjerdneset, Skjelanger og Kjeppvikholmen.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Skjellsand il 2. gongs høyring er det tatt inn tre nye lokalitetar for skjelsandutvinning: Lyngoksen og Høggholmen i Austrheim og Måggøyosen på Fedje. I KU kjem både Lyngoksen og Måggøyosen ut med raudt. Det skuldast først og fremst risiko for skade på naturmangfald, men også kulturminne og friluftsliv.  Høggholmen hamnar i gul kategori, men KU beskriv likevel eit høgt konfliktpotensiale I tillegg vil Naturvernforbundet bemerka at Høggholmen og området rundt er mykje nytta til friluftsliv og fritids- og yrkesfiske. Lokaliteten har m.a. gode teine- og ruseplassar. Naturvernforbundet meiner alle tre innspela må avisast.	Område for uttak av skjellsand vart utegløynt til 1GH og er etter innspel frå Vestland fylkeskommune tatt inn i plan. Mellom anna fordi konsesjon for slik verksemd berre skal skje på areal sett av i arealplan. Alle lokalitetar for uttak av skjellsand vil alltid verte raud i KU då dei er rekna som eigen naturtype og uttak fører med seg direkte inngrep. Samstundes er det slik at uttak og bruk av skjellsand er ei etablert og framleis akseptert næring og nyttast mellom anna mykje som naturleg gjødsel i landbruket. I tillegg lagast mange bynære (kunstige) strender, som sjølv sagt kan diskuteras, men er ofte til bruk for ålmenta. Den foreslåtte lokaliteten Høggholmen vert uansett tatt ut frå framlegget til plan.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Midtmarka og Flatøyosen Naturvernforbundet har vore sterk motstandar av områderegulering av natur- og friluftsområdet Midtmarka på Flatøy til bustader. Midtmarka lei ar inn mot Håøyana og Bergen og omland friluftsråd sitt anlegg der. I dei sørvende vikane i Midtmarka mot Flatøyosen har det i områdereguleringa kome framlegg om to større småbåthamner mellom Skitnedalsvika og Eidavika. Hamnene vil vera eit stort inngrep i strandsona og eit betydeleg hinder for friluftslivet i osen som m.a. vert mykje nytta til padling. Naturvernforbundet vil be om at småbåthamnene vert tekne ut av den interkommunale planen.	Flatøyosen og Håøya (Alver) er det mange som har meiningar om. Uansett bruk i sjø er området slik at det har stor verknad for bruk på land og motsatt. Innspela motteke til dette området er ført over til arbeidet med kommuneplanens arealdel for land i Alver kommune slik at ein samla og betre får vurdert og jobba med spørsmåla knytt til både sjø og land.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Ankerfeste Ankerfeste er ikkje del av sjøareal avsett til akvakulturføremål i planen, men påverkar betydelege sjøområde i influensområdet negativt. Naturvernforbundet bed om at dette vert synleggjort i planen ved at ankerfeste og fortøyingar vert inkludert i tiltaksområda avsett til akvakultur og at konfliktnivået vert vurdert på bakgrunn av det.	Fortøyningsområde kring areal satt av til akvakultur har vore mykje diskutert. Dette fordi det er svært vanskeleg å gjere presis vurdering av fortøyingar på dette plannivået når ein ikkje veit noko om storleik og omfang på eit framtidig anlegg. Vidare er sjøbotn svært varierende og kva val ein gjer knytt til type fortøying spelar og inn. Etter samråd med Statsforvaltar vil nye areal i denne plan og eksisterande areal som er vesentleg endra få areal med kombinert føremål fortøying og ferdslø rundt seg.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Forureina sjøbotn Naturvernforbundet vil peika på at kunnskapsgrunnlaget for forureina sjøbotn er svært mangelfullt utgreidd i den interkommunale planen, men at fleire sjøområde utanfor gamle og nye industriverksemdar der risikoen er størst burde vore angitt som risikosoner. Naturvernforbundet ønskjer at slikt omsyn gjennom kartlegging blir innarbeidd og synleggjort i planen.	Planarbeidet skal vere og er basert på kjent kunnskap. Ein er samd om at kunnskapsgrunnlaget for fleire tema er mangelfullt. Ein del av arbeidsoppgjaget har ma. vore å søkje å få oversikt over nokre av desse manglane. Handlingsplan framover bør og må ha i seg mål om å gjere felles kartlegging av sjøområda.	
13	26.04.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Omsynssoner naturmiljø Store delar av Øyane i Austrheim er i dag avsett til omsynssone naturmiljø, i føresegna til planen skildra slik: Naturvernforbundet meiner likevel at mange av naturverdiane kan ivareta kast ved å utvida omsynssona i Øyane til å inkludera skjergarden frå nordspissen av Lerøyana og nordvestover mot Langøyana, Lyngoksen og Rongevær i randsona ut mot Fedjefjorden. Naturvernforbundet ønskjer at området vert innarbeidd i den interkommunale planen slik at Øyane står fram som eit heilskapleg område for naturmiljø og friluftsliv. Som konsekvens bør oppdrettslokalitetane ved Allersholmen og i Trøvika takast ut av planen og innspela om skjelsandutvinning ved Lyngoksen og Høggholmen avisast.	Austrheim kommune tek merknaden til orientering. Me ser at øyane og kyskulturen her har viktige miljøverdier. Planen tek omsyn til desse verdiane.	
14	09.05.2023	Nordhordland Næringslag	- Det "røde lyset" er en nåsituasjon - kan ikke være førende for framtida - De eksisterende arealene må kunne brukes på best mulig måte. Må også ha mulighet for fortøying utenfor AKV arealet - Arealene må være store nok - til ny teknologi	Teke til orientering.	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Kap 5.2 Kapitelet må altså fokusera på kva påverknad og konsekvens planen kan ha på kulturminne og naturmiljø, og kvar kunnskapen skal hentast frå, og i mindre grad oppsummera historia.	Tatt til orientering - tatt inn noko meir i planskildringa	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	kap 5.3 Friluftsliv Kapittelet skildrar ikkje kva type friluftsområde som finst i strandsona og på sjøen, kva for kvalitetar ulike område har, og korleis dei vert nytta i dag. Kapittelet seier heller ingenting om kva type friluftsliv folk driv med. I dette kapittelet burde både bading/svømming, padling, sup-brett m.m. vore omtala. Me kan såleis heller ikkje her sjå at innhaldet i kapittel 5.3 samsvarar med overskrifta på kapittel 5. Det er også viktig å peika på at båttrafikk, inkludert vasscooterar, òg kan utgjera ein potensiell fare for kajakkpadlarar, sup-brett og badande. Badeplassar og friluftsområde i tilknytning til båthamner utgjer såleis ein potensiell konflikt. For Alver kommune er det kartlegginga av friluftsområde frå 2016/2017 og Plan for friluftslivets ferdselsårer som er dei viktigaste kunnskapsgrunnlaget for tema friluftsliv. I tillegg kjem kartlegginga i	Tatt til orientering - tatt inn noko meir i planskildringa	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Kulturminne er i kulturminnelova definert som «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.» Det er difor naudsynt å definera kva som i planen skal reknast som kjente kulturminne. Alle freda og verna kulturminne, samt kulturminne registrerte i Sefrak, Askeladden og i samband med kulturmiljøplanar bør omfattast. Saker som gjeld ikkje-freda kulturminne (kulturminne med lokal og regional verdi) skal leggjast fram for kommunane si fagavdeling for kulturminne i tillegg til kulturminnemynde.	Då planavgrensinga er satt til flomålet har det vore ei utfordring å handtere kjente kulturminne i planarbeidet. Dette fordi tiltak i sjø kan reknast å ha påverknad på minne på land. Etter dialog med kulturavd. Vestland fylkeskommune skal planframlegget gjere synleg registrerte kulturminne inntil 50m inn på land. Føresegn skal i utg.pkt. ikkje omtale sakshandsamingsreglar, men har i seg ma. pkt. 2.4 og 3.1 f).	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	tilknytning til alle nye båthamner skal det vera tilgjengeleg eigna utsetjingsstad for ikkjemotoriserte, mindre båtar. Dette kan vera ein båtøpptrekksplass eller ei brygge tilpassa kajakkar/kanoar.	Tatt inn i føresegn	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	I tilknytning til alle nye småbåthamner skal minst 10 % av parkeringsplassane vera for tilgjengeleg for ålmenta, med ei minstegrensa på to parkeringsplassar. Tilkomst til parkeringsplassane skal vera open og tilgjengeleg heile året.	Tatt inn i føresegn	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	I boksen nedanfor står det: "Ved planarbeid bør det avklarast korleis lokalsamfunnet/nærmiljøet sin trong for båtplassar vert ivareteke. Vidare korleis område / areal kan fungere som opphaldsplass og møtestad." Dette må endrast til "Ved planarbeid skal det avklarast korleis	Tatt inn i føresegn	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Alle tiltak i friluftsområde skal sendast på høyring til kommunal fagavdeling for friluftsliv.	Føresegn skal i utg.pkt. ikkje gå inn å gjenta lovtekst eller seie noko om sakshandsanming. Det ligg likevel i føresegna pkt. 3.1. f) formulering om at plan eller tiltak knytt til hovud- eller underføremål skal leggjast fram for rett mynde.	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Innanfor arealformål FV skal restaurering av eksisterande badestrender vera tillate.	Innanfor areal sett av til friluftsliv (FV) kan det gjerast tiltak for tilrettelegging og tiltak som fremmer føremålet. Herunder må mellom anna arbeid eller tiltak knytt til badestrand. Føresegna pkt. 3.1.11.	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Omsynssoner for friluftsliv (H530) Me kan ikkje sjå at det går fram av føresegnene, planskildringa, kjeldegrunnlaget eller kunnskapsgrunnlaget kva for kriterium som er lagt til grunn for at eit friluftsområde har regional verdi. Kva for område som skal ha omsynssone H530 må for Alver kommune basera seg på eksisterande kunnskapsgrunnlag, som kartlegging og verdsetting frå 2016/-17, Friluftslivets ferdselsårer og plan for ro- og padleruter. Planen kan ikkje basere seg på kartlegging frå 2008, då denne er mangelfull, utdatert og ikkje lokalt forankra. Planarbeidet må ikkje sjølv ta for seg å gjere interessekartleggingar for friluftslivet, men basera seg på eksisterande kunnskap som nemnt over.	Gitt etter offisiell kartlegging	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Arealformål friluftsliv Også når det gjeld arealformål friluftsliv synes det noko tilfeldig kva for område som har fått arealformål friluftsliv. Viktige friluftsområde er utelat, medan andre som er vurdert til å ikkje ha særleg verdi eller er	Det er basert på nasjonal form for kartlegging og det er A områda som er vist i kartet.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merkna den - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merkna d	Motsegn
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Kap 4.1.4 c Sone med særskilt angitt omsyn (pbl. § 11-8 c) (530, 550, 560, 570, 580, 590) c ) Omsyn /Bevaring av kulturmiljø (H570) «Saker som gjeld tiltak knytt til omsynssona. Heile Den indre farleia med status som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse må få omsynssone H570 i planen.	Justert i føresegn pkt 4.1.4 d	
15		Alver kommune - Kulturavdelinga	Merknad til kunnskapsgrunnlaget Det er nytta feil kommunenamn på følgjande friluftsområde på s. 37:	Er retta opp	
16		Bergen Hamn	Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.	Tatt til orientering	
17		Dale Jakt og Fiskarlag	Vi har gått gjennom planen. Veafjorden og Romarheimsfjorden er definert som " Nasjonal laksefjord". Vi er usikker på om det går klart fram av planutkastet. På kartet burde dette koma klararar fram.	Areal som er definert som "Nasjonal Laksefjord" er i plankartet vist som omsynssone (H560) til Naturmiljø og skildra i føresegna pkt. 4.1.3 c).	
18		Felleskjøpet Agri SA Vaksdal mølle	Prinsippkisse på hvordan vi ser på hva som er havneområde (HOS) i tilknytning til Vaksdal Mølle er gjengitt under, samt vedlagt i eget dokument. Vi ber om at dette blir lagt til grunn for arbeidet med endelig plan for sjøareal.	Ei utviding vil føre til at hamneføremålet strekk seg ut over parkområdet på Laksaneset. Parken sør for mølla og den offentlege kaia er attraktive område som er viktig for Vaksdal. Det er ikkje tenleg med eit hamneområde som grensar til park/friområde (førebels). Dette må sjåast i samanheng med arealplan for land.	
19	10.05.2023	Sjøtroll Havbruk AS	området Bogno - behalde det som AKV areal. Nytte til testing av ny tekn	Arealet er avgrensa og trangt. Testing av nye anleggstyper krev plass og dybde. Ut i frå ei samla vurdering vert det ikkje gjort endring.	
19	10.05.2023	Sjøtroll Havbruk AS	AK område Storskrebukti - utvide område betydeleg	Forslaget til utviding er for stort til at det kan kan realiserast. Etter vår kunnskap er indre fjordområda plaga med lus og det synes difor ikkje vere aktuelt å sette av større areal. Det er også omsyn til friluftsliv som ein ønsker å ivareta i området.	
19	10.05.2023	Sjøtroll Havbruk AS	Bjørsvik - lastekai	Dette er eit innspel som må sjåast i samanheng med KPA land. Spørsmålet vert overført dit.	
20	10.05.2023	Vilgerd Storset Husa	ii. KPA Fedje, føresegn pkt. 6.10 Tab. 2. Eksisterande område med unntak frå krav om reguleringsplan for mindre anlegg med plassering og storleik som spesifisert under, jfr. pbl § 11-9 nr.1 SH_01 Kyrkjevågen / Husavågen 1.SH_01 Kyrkjevågen/Husavågen. Skråstrek er villeiande, for dette er to forskjellige område. 8.Konklusjon: Kyrkjevågen må takast ut.	Beskrivelsen som det er vist til er henta direkte frå gjeldande kommuneplan for Fedje. Beskrivelsen Kyrkjevågen/Husavågen er noko upresis, men allikevel dekker det Husavågen, Kyrkjevågen, Vestre Vågen, Sørvågen og Pollen. Med bakgrunn i det tek vi ikkje ut noko stadsnamn.	
21	11.05.2023	Rolf Abrahamsen, styreleiar Voss klekkeri	Her kjem fråsegn frå styret i Stiftelsen Voss klekkeri til Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland:  «Styret i Stiftelsen Voss Klekkeri vil med dette gi full støtte og stilla seg samd i dei formuleringane som Hordaland Grunneigar- og Sjølaksefiskarlag har fremja i sitt skriv dat 05.05.23 v/ Geir M. Gammersvik.»	Tatt til orientering. Sjå innspel nr 9	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
22	11.05.2023	Christel og Frode Odland	<p>Vi viser til 2. gangs høring av IPS (interkommunal plan for sjø). Vi er imot ny eller flere småbåthavner i Rosslandsvågen i Alver Kommune. Rosslandsvågen er allerede i en tydelig negativ utvikling i sjøen pga forurensning. Har bodd på Skurtveit i 47 år, og aldri før har sjøvannet vært så grumsete som nå. Det har de siste årene vært en merkbar økning i båt - trafikk på vågen med økt støy og generell belastning på natur og dyreliv. Ørnen sitter stadig i skogen der den nye båthavnen er tiltenkt. Svanene hekker på lo landet. Mink, mår og røyskatt ser vi stadig svømmende eller svinsende rundt på land. Det er store flokker med ærfugl om høsten, som lager herlige lyder en bare kan nyte. Ved å bygge mer / flere småbåthavn(er) og øke fiskeoppdrett bygges naturen, sjølinjen og strandsonene i Rosslandsvågen ytterligere ned. Dette er i strid med ansvaret Alver Kommune har som forvalter av biosfæreområdet. Ta vare på det vi har, og gjerne bygg bedre renseanlegg, men ikke bygg mer i denne lille Vågen. Vi ønsker å få tilsendt mer informasjon rundt dette. Vi mottsetter oss etablering av ny eller flere småbåthavner i Rosslandsvågen av hensyn til dyr og miljø.</p>	<p>I prosessen med interkommunal plan for sjøareal er det ikkje komen innspel endra areal bruk i Rosslandsvågen. Heller ikkje arbeidsgruppa for planen har sjølv komen med innspel til endra arealbruk eller tiltak. Gjeldande arealbruk er lagt ut i samband med tidlegare arbeid med arealplan for Meland kommune. Alver kommune er i gang med å utarbeide framlegg til sin fyrste arealplan. Tiltak, areal eller planer som gjeld både sjø og land, til dømes småbåthamn, vil verte handsama i dette arbeidet slik at ein samla for gjort vurderingar knytt til arealbruk som gjeld både sjø og land.</p>	
23	12.05.2023	Kobbevik og Furuholmen	<p>Til 2.gongs høring vil me vise til innspellet til 1.gangs høring. Her går det fram at det ikkje er teke med areal til forflåte til anlegget, slik at det ikkje vil vere mogleg å søke om dette arealet utan å be om dispensasjon for å flytte forflåten. Me ber om at naudsynt areal til denne vert teke med i planen. Det vil også vere ein fordel om det vert lagt inn ein større buffer rundt det arealet som er lagt inn i dag, for å kunne legge til rette for at justeringar av anlegget kan skje utan å søke dispensasjon. Eit utviding av arealet vil i liten grad føre til større arealbeslag eller ulemper for naboar, men det vil gjere drift av anlegget enklare når ein kan gjere justeringar og optimalisering utan at ein må vegen gjennom kommuneplan, reguleringsplan eller dispensasjon.</p>	<p>Etter høring og dialog med Austrheim kommune og tiltakshavar er det motteke innspel på å ta med seg ein del av eksisterande areal for akvakultur slik at forflåta til anlegget slik den ligg i dag vert innan for området sett av til akvakultur.</p>	
23	12.05.2023	Kobbevik og Furuholmen	<p>Elles er fleire av problemstillingane som vart teke opp i vårt innspel justert eller endra til 2.gongs handsaming av planen, noko som me ser som positivt. Det er likevel nokre formuleringar i føresegnene som me ser som utfordrande, då dei kan vanskeleggjer etablering og endring av anlegg dersom føresegnene får stå slik dei gjer no.</p>	<p>Teke til orientering.</p>	
23	12.05.2023	Kobbevik og Furuholmen	<p>Etablering av fortøyingar for akvakulturanlegget er sentralt for å kunne utvide eller endre anlegg, og føresegnene slik dei ligg no kan vere noko problematiske med omsyn til dette. § 3.1 e), første kulepunkt, omtalar at det kan leggst ut fortøyingar for akvakultur innanfor det generelle føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone». Samstundes viser føresegnene § 3.1.8 ii (Føremål «Fiske») til at det «ikkje kan tillatast tiltak som er til hinder eller ulempe for fiske». Dette er gjentatt i § 3.1.8 a) og d). Dei aktuelle føresegnene stenger etter det vi kan sjå for at det kan etablerast naudsynte fortøyingar i desse områda, då desse fort vil legge beslag på areal som er avsett til fiske.</p>	<p>Det vil nok vere nokre lokalitetar der det uansett arealdisponering vil kome overlappende arealbruksinteresser. Fortøyingane kan nytte seg av ulike metodar som gjer at fortøyingane kan verte tilpassa tilhøva noko. Om det ikkje er mogleg må ein moglegvis tilpasse anlegg eller søke om løyve.</p>	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
23	45058	Kobbevik og Furuholmen	<p>Spesielt føresegn 3.1.8 d) knytt til trålfelt for reker vil være aktuell for vår lokalitet Øksnes, som i planframlegget er føreslått justert for å betre driftstilhøve. Her grenser akvakulturarealet direkte til trålfeltet, og det er ikkje avsett noko areal til justering av anlegg eller fortøyingar i området. Etablering av anlegg vil her kunne vere i strid med ordlyden i føresegnene, og potensielt vil ein måtte søke dispensasjon for å flytte anlegget i samsvar med den interkommunale planen. Me antar at dette ikkje er intensjonen med ordlyden, og vil tilrå følgjande endringar for føresegnene eller plankart for å sikre at det vert avklart korleis omsyn til fortøyingar skal handsamast i planen:</p> <p>-Føresegnene § 3.1.8 ii, 3.1.8 a) og 3.1.8 d) bør omtale at det vert tillate med naudsynte fortøyingar frå akvakulturanlegg inn i desse områda. Dette på bakgrunn av at akvakulturområda ikkje vil vere mogleg å ta i bruk dersom føresegna står som i høyringsforslaget.</p> <p>-Dersom føresegnene skal stå uendra, bør det gjerast ei vurdering av naudsynt fortøyingsareal for dei enkelte lokalitetane (i dette tilfellet Øksnes), der det vert lagt inn naudsynt areal som eksempelvis kombinert føremål akvakultur/fleirbruksområde i sjø, der det går fram av føresegn kva som er tillate med omsyn til etablering av fortøyingar. Alternativt kan det vurderast å redusere areal knytt til fiske/trål i områda der ein kjem i konflikt med fortøyingar for akvakultur.</p>	Har endra på føresegn og lagt inn kombinert føremål i kartet. Sjå føresegna pkt 3.1.8 og 3.1.9.	
23	12.05.2023	Kobbevik og Furuholmen	Til slutt vil me anbefale at det vert teke ein dialog med havbruksnæringa om føresegnene i planen sett opp i mot drift av anlegg og søknader før endeleg vedtak. Dette for å sjekke at føresegnene ikkje vert til hinder for vidare utvikling av sjøareala, då føremålet med planen er å legge til rette for ei god forvaltning av desse areala.	Kommunane skal søkje å gjere ein samordna arealforvaltning. I nokre tilfelle kan det by på utfordringar for aktivitet eller planar fordi andre omsyn er vekta høgare i aktuelle område. Det kjem ein ikkje i frå og kan til dømes enten endra eigne planar eller moglegvis gjere avbøtande tiltak.	
24	12.05.2023	Austrheim kommune	Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003 til orientering og har elles følgjande uttale: Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøareala våre.	Teke til orientering.	
25	45058	Blom Fiskeoppdrett	<p>Blom Fiskeoppdrett stiller seg undrande til at Senoksen tas ut av planen då tilbakemeldingane frå Mattilsynet, Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltaren er relativt positive. Blom Fiskeoppdrett er villig til å bytte inn både Bøøy og Allersholmen, dersom ein kan få etablert ein ny lokalitet på Senoksen. Ved å slå saman produksjonen på Allersholmen og Bøøy, til ein lokalitet, vil ein kunne redusere det totale smittepresset med tanke på lus og evt. sjukdommar. Det betyr mykje for Blom Fiskeoppdrett som selskap å kunne få utvikla desse to lokalitetane, men plasseringa på dei to slik det er i dag gjev ikkje rom for nettopp det.</p> <p>Arealet som både Bøøy og Allersholmen i dag nyttar, vil ha ein større verdi for fellesskapet for bruk i friluftsliv då arealet er i hovudsak skjerna for bølger. Desse areala har langt fleire reelle bruksdagar for lokalbefolkninga og friluftsjakter i løpet av eit år enn arealet knytt til foreslått lokalitet Senoksen. Ved eit evt. bytte av Bøøy og Allersholmen til Senoksen vil me råde til å utvikle Bøøy og Allersholmen som akvakulturareal, og heller rette det inn mot friluftsliv eller som Statsforvaltaren peiker mot, bruk og vern av sjø og vassdrag i planen. Blom Fiskeoppdrett ber dermed om at Senoksen vert teken inn igjen i den interkommunale planen for sjøareal i Nordhordland.</p>	Senoksen vert tatt inn. Lokalitetane Bøyyna og Allersholmen vert tatt ut.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
25	45058	Blom Fiskeoppdrett	<p>Det går fram av § 3.1 e), første kulepunkt, at det kan leggjast ut fortøyningar til anlegg for akvakultur innanfor føremålet, med tilvising til pkt. 3.1.9 a) og d). I 3.1.8 ii viser til at det ikkje er tillate å etablere fortøyningar for akvakultur innanfor føremålet som kan hindra Vidare av § 3.1.8 a) og d) går det fram at «det kan ikkje tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for fiske» og «tiltak som kan hindra tråling, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av felta». Det er uklårt om føresegn 3.1.9 a) opnar eller stenger for etablering av fortøyningar i desse områda. Det er fleire område som kjem inn under desse føresegnene og for Blom Fiskeoppdrett er det spesielt området på Vikane som vil vere omkransa av areal sett av til fiske. Her vil fortøyningar for nytt og eksisterande anlegg med stort sannsyn kunne kome inn i desse områda og etablering av anlegg i med omsyn til sertifisering og forskrift kan verte utfordrande i dette tilfellet</p> <p>Vår anbefaling er at det vert teke inn ei presisering i føresegna om at «det kan etablerast naudsynthe fortøyningar for akvakultur innanfor områda». Om ikkje føresegna vert endra bør det takast stilling til omfang av fortøyningar for akvakulturføremåla og etablerast anten kombinerte føremål eller føresegnsområder som presiserer at det er tillate med fortøyningar for akvakultur i desse areala. Slik føresegnene no er utforma er det usikkert i kva grad det vert tilla te fortøyning av akvakulturanlegg i dei einiskilde områda.</p>	<p>Har endra på føresegn og lagt inn kombinert føremål i kartet. Sjå føresegna pkt 3.1.8 og 3.1.9.</p>	
26	14.05.2023	Per Lerøy	<p>1.Signaln frå både den noverande regjeringa og Solberg-regjeringa har vore krystallklare, me må produsera meir mat i sjø. Eg kan ikkje sjå at denne planen tek desse signala på alvor.</p> <p>Det må avsetjast areal i planen for produksjon av alternative marine artar.</p>	Teke til orientering.	
26	14.05.2023	Per Lerøy	<p>2. Kommuneplanen for Austrheim med tilhøyrande arealdel, vart vedteken i kommunestyret i Austrheim i april 2019. Der vart det slått fast at det skal vera eit næringsareal i Øksnesmarka på om lag 550 dekar, det meste på land, men deler av næringsarealet ligg også i sjøen. Årsaka til dette var at kommunestyret ville leggja til rette for marin produksjon i dette området, både land- og sjøbasert produksjon. I Austrheim har me ein relativt ny arealplan og dersom me søkjer om dispensasjon frå denne, vert me møtt med stor skepsis frå Statsforvaltaren. Det er derfor utruleg å oppleve at Statsforvaltaren vil nytta motsegn mot den same planen som dei trass alt sjølv godkjente i 2019. Her møter dei seg sjølv i døra med eit stort smell! Eg forlangar at næringsarealet i Øksnesmarka framleis skal vera med i planen for interkommunalt sjøareal i Region Nordhordland.</p>	Teke til orientering.	
26	14.05.2023	Per Lerøy	<p>3.Austrheim kommune har tidlegare peika på at me ønskjer å flytta oppdrettsanlegget ved Allersholmen til Senoksen. Årsaka er at det både er djupare og betre straumforhold ved Senoksen enn ved Allersholmen. Dette forslaget har blitt avvist med grunngjeving om at eit anlegg ved Senoksen vil bli liggjande for nært eit eksisterande oppdrettsanlegget for torsk i Trøvika. Det første spørsmålet som då reiser seg er om det er grunnlag for å setja avstandsgrenser mellom anlegg med to heilt ulike fiskeslag. Det andre spørsmålet som reiser seg er om ikkje området ved Senoksen kan setjast av til erstatningsområde for anlegget ved Allersholmen dersom ein ikkje lukkast med torskeoppdrettet i Trøvika. Eg vil ha desse problemstillingane vurdert.</p>	Teke til orientering.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
27	10.05.2023	CIT Holding AS	<p>Også i denne 2. gangs høringen er flere andre akvakulturlokaliteter eller endringer på akvakulturlokaliteter tatt med i planen til tross for at de er i konflikt med farledsareal.</p> <p>Lokaliteten i vårt innspill kom ellers bra ut i konsekvensutredningen og ROS analysen utarbeidet av Asplan Viak, og vi stiller oss derfor undrende til at den heller ikke ble tatt med i 2. gangs høringen. Med bakgrunn i egne vurderinger og vurderingene utført av Asplan Viak mener vi at lokaliteten egner seg godt til oppdrett av torsk. Den har god avstand til andre lokaliteter, gytefelt, befolkning, etc, og har et generelt lavt konfliktpotensial.</p> <p>Vi har bare én lokalitet for produksjon av torsk i dag, og det er derfor særlig viktig for oss at det blir tilrettelagt nye arealer slik at vi kan vokse og optimalisere produksjonen på en bærekraftig og forsvarlig måte. Vi vil be om at lokaliteten ved Høggholmen blir tatt med i planen, slik at den også kan bli vurdert av sektormyndighetene. I den sammenheng ønsker vi en konstruktiv dialog, og vi kan eventuelt gjøre endringer og justeringer av den foreslåtte plasseringen dersom det blir nødvendig. Nedenfor har vi tegnet opp en alternativ plassering av anlegget som ikke strekker seg like langt ut i farledsareal.</p>	<p>Ei etablering av torskoppdrettsanlegg aust for Høggholmen vil etter administrasjonen si vurdering ha flere negative ulemper enn det konsekvensutgreiinga viser i oppstillinga til Asplan Viak. Nærleiken til naturreservata for sjøfugl på Raunøy, Langøy, Skardsholmen, Storholmen og Høggholmen er svært problematisk med omsyn på å unngå konflikt med biologisk mangfald. Fuglar treng ro i hekkesesongen, og behovet for næringsøk er også ekstra sterk i denne perioden. Ut frå eit føre var prinsipp meiner ein at det difor ikkje er ønskeleg at det kjem torskoppdrett på denne staden. Det vert vist til rapporten : Kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2019 for Masfjorden kommune. Innspelet kjem klart i konflikt med dei store friluftslivsinteressene , som er lokalisert til heile sjøområdet frå Haugsøy i vest og området ved Raunøyna i aust. I tillegg vil ein lokalitet på denne staden kunna forringa kvaliteten for friluftslivet som er knytt til bruken av Areklettsanden som ligg heilt sør på Holsøya. Dette badeområdet har Masfjorden kommune ansvar for, og det er inngått avtale med grunneigar om bruken av dette området. Mellom anna er det tilrettelagt med parkeringsplass, toalett med meir, og bruken av området er høgt. Det vert vist til rapporten : Kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2019 for Masfjorden kommune». Her kjem det fram at <del>Areklettsanden har områdeverdi: Svært viktig friluftsområde</del></p>	
28	14.05.2023	Bygdefolket i Knarvikgarden	<p>Bygdefolket i Knarvikgarden (også omtala som Knarvik Nord) har mange gongar sidan 80-talet klaga til ymse offentlege organ på forureining på sjøen frå baseområdet på Mongstad og sørover i Lauvåsen, Rosnesvågen, rundt Tyborøy og sørover mot Sundsbø. Me har heilt klare forventningar til at det i denne planen blir stilt krav til og lagt opp til at området som nevnt ovenfor no blir overvåka for å finne ut kvar forureinga kjem frå og at den blir stoppa. Ein kan ikkje berre legge til rett for meir og meir næring i området uten at ein også følgjer opp forureining som blir rapportert inn. Vi har gjennom fleire tiår dokumentert og rapportert om dette, men verken kommunen eller offentlige etater innen miljø har tatt grep for å finne ut av og stoppe dette. Etter vår meining må ein i dette arbeidet med planforslaget for sjøarealet i Nordhordland begynne å sette miljøvern på dagsorden. Med den erfaringa vi set med på dette området, meiner vi at den beste måte å løyse dette på er at det blir tilsett ein miljøvernleiar som har ansvaret for å følge opp at industrien ikkje bryt regelverk for støy, utslipp til luft og sjø. Vi set på mykje dokumentasjon på denne forureinga, legger ved bilder frå den sist observerte, søndag 26. feb 2023:</p>	<p>Denne arealplanen tar opp i seg regelverk knytt til vassdirektiv. Det gjer at ein ikkje utareide planar eller gjere tiltak innan for vein vassførekomst (fjorområde) som kan forverre miljøtilstanden. Miljøtilstand har fleire sieder ved seg og kjelder til forureining kan vere mange. Normalt vert eventuelle kjelder til forureining i tillegg handsama etter eige regelverk.</p>	
29	14.05.2023	Alver MDG	<p>Kunnskapsgrunnlaget for planen.</p> <p>Arealnøytralitet og Naturrekneskap, som må byggjast på ei fullverdig registrering av naturmangfaldet i regionens kommunar, må vere naturlege strategiar å ha på plass i kommunane i Noregs første UNESCO biosfæreområde. Dette må det gjerast tid og rom til før ein kan vedta ein bindande interkommunal plan for sjøareal. Noko anna vil vere å planleggje i feil rekkjefølgje og på sviktande kunnskapsgrunnlag. Ein slik interkommunal planen må og vurdere tilbakeføring/restaurering av fjordnatur der den er øydelagt, der miljø- og artsmangfald er skadd og forringa, som t.d. Radøyfjorden og Rosslandsvågen kan vere døme på.</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget til planarbeidet bygger på kjent kunnskap. Det er omfangrikt, detaljert og har ulik tidsdjupne. Det er produsert om lag 50 temakart for ulike fag. Likevel er det tydeleg og opplagt at det for fleire område er hol i kunnskapen. Det er og ei målsetting for arbeidet og klarlegge kunnskapshol. Ein del av vidare arbeid for regionen og kommunane er å samarbeide om til dømes kartlegging. I høve til tema naturmangfald til dømes er Alver kommune i gang med eiga plan - KDP Naturmangfald. Osterøy og Austrheim er så vidt ein veit i gang med same planarbeid.</p>	
29	14.05.2023	Alver MDG	<p>Radøyfjorden.</p> <p>Dette er ein fjord som treng restaurering. Eit forbeta miljø i denne fjorden vil ha stor verdi for både sjøbruksnæring, fritidsfiske og rekreasjon.</p>	<p>Planarbeidet har tatt opp framlegg om strukturelle endringar i Radøyfjorden som ein meiner samla sett kan bidra til forbetring at tilhøve.</p>	
29	14.05.2023	Alver MDG	<p>Rosslandsvågen.</p> <p>Dette er ein våg som treng restaurering og ikkje meir marin verksemd. Den er ein terskelfjord med vanskeleg naturleg vassutskifting og er belasta, både med gammalt utslipp frå marin verksemd og aukande aktivitet og trafikk., som sjenerer fuglelivet spesielt, trugar artsmangfaldet og er konfliktskapande. Eit forbeta miljø i denne fjorden vil ha stor verdi for både sjøbruksnæring, fritidsfiske og rekreasjon.</p>	<p>I prosessen med interkommunal plan for sjøareal er det ikkje komen innspel endra areal bruk i Rosslandsvågen. Heller ikkje arbeidsgruppa for planen har sjølv komen med innspel til endra arealbruk eller tiltak. Gjeldande arealbruk er lagt ut i samband med tidlegare arbeid med arealplan for Meland kommune. Alver kommune er i gang med å utarbeide framlegg til sin fyrste arealplan. Tiltak, areal eller planer som gjeld både sjø og land, til dømes småbåthamn, vil verte handsama i dette arbeidet slik at ein samla for gjort vurderingar knytt til arealbruk som gjeld både sjø og land.</p>	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
30	14.05.2023	Sjømat Norge	Det er positivt å kunne registrere at våre og andre høringsinstansers påpekninger til punktet om at relativt små endringer kunne utløse krav om reguleringsplan, er lyttet til. Videre registreres det også som positivt at man går bort fra strengere krav om begrensninger på fortøyning av anlegg.	Teke til orientering.	
30	14.05.2023	Sjømat Norge	Når det gjelder teknologikrav, ser vi at dette i større grad nyanseres sett opp mot høringsdokumentene i første høringsrunde. Like fullt ligger det som et klart uttrykt premiss at fremtidig utvikling, vekst og også videreføring av dagens produksjon av laks og ørret, forventes å skje med bruk av lukket teknologi. Dette fremgår både av kunnskapsgrunnlaget og av kommentarer til diverse høringsinnspill. Vi å derfor nok en gang minne om at det er sektormyndigheter med fagkompetanse som forvalter de ulike tillatelsene. Dette tilligger ikke kommunenes forvaltningskompetanse. Eventuelle vedtak og føringer i en plan for sjøareal som krever lukket teknologi, vil utfordre forvaltningssystemet slik det i dag er organisert, og skape usikkerhet rundt hvem som skal forvalte de ulike delene av regelverket. Dette er ekstra viktig fordi planen, etter vårt syn, ikke tar konsekvensen av arealbehovet til fremtidens havbruk.	Risikorapprtana frå HI og VI sin fiskehelse rapport viser tydeleg at det er stort behov for å gjere endringar i korleis oppdrettsnæringa vert drive i vår region/innanfor planområdet. Det er difor svært rimeleg at det vert fokusert på at det må inn annan type teknologi og drift for å løyse desse utfordringane. Utfordringa no er at det skjer for lite endring. Når det gjeld fremtidens havbruk så saknar me at Sjømat Norge har ei meir offensiv og målretta haldning til å få endringar som kan løyse dei utfordringane som ligg i kunnskapsgrunnlaget og som elles er peika på i dette planarbeidet. Så er det tydeleg at ein arealplan ikkje løyser noko aleine, men kan vere med å påverke. I tillegg bør og må det gjerast målretta arbeid på fleire hald.	
30	14.05.2023	Sjømat Norge	For det første baserer planen seg på at det ikke vil være mulig å komme ut av trafikklssystemets fargelegging med rødt lys for PO4 uten skifte av teknologi i produksjonen. Det er en antakelse som ensidig bygger på dagens modelleringer fra Havforskningsinstituttet, samt dagens gjeldende teori om dødelighetsgrense for lusepåslag for utvandrende villakssmolt. Det skjer for tiden en stor kunnskapsinnhenting om tilstand i elvene, smoltens utvandringstidspunkt, vandringshastighet og vandringmønster etc. Det er langt fra sikkert at dagens forståelse er fremtidens virkelighetsoppfattelse.	Me er bekymra for Sjømat Norge sin skepsis til dagens forskning. Utan felles situasjonsforståing gjer at arbeidet med å få til naudsynte endringar. Vi har i vår kunnskapsinnhenting ingen indikasjonar på at der er svakeheter med HI sine modelleringer.	
30	14.05.2023	Sjømat Norge	Avsatt areal I forslaget til arealplan for sjøareal åpnes det i hovedsak ikke for areal store nok for fremtidsrettet teknologi. Hvis kommunene skal få til en overgang til lukket teknologi, må de både ta tid til hjelp og se til at AKU-områdene er store nok. Alle nye teknologier vil sannsynligvis kreve mer areal enn den dominerende produksjonsformen i åpne merder, særlig i utviklingsperioden. Nye teknologi vil også som oftest kreve mer areal på land. I tillegg bør lokaliteter som i dag ikke er i bruk, ikke fjernes, men beholdes for uttesting av ny teknologi. Uten tilstrekkelige rammevilkår og tilgjengelige arealer for vekst, vil hele arbeidet med Grønn Region Vestland undermineres.	I planen er der gjort framlegg om større areal på lokalitetar for å få til betre drift. Det er foretatt ein opprydding i lokalitetar som ikkje er i bruk, men der behalde nokon.  At denne arealplanen er med å underminere Grønn Region Vestland oppfattast som ein urimeleg påstand.  Sjømat Norge må i større grad sjå på korleis ein vil vere med å utvikle næringa i rett retning. Slik høyringsbrevet framstår er det grunnlag til bekymring både for villaksen og oppdrettsnæringa på Vestlandet.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Fiskeridirektoratet fremjar motsegn til at det er sett av område for råstoffutvinning ved Høgholmen i Austrheim kommune. Havforskningsinstituttet har registrert gytefelt i Hoplandsosen, og vi vurderer at utvinning av skjelsand vil vere til risiko for bevaring av gytefeltet. Motsegna kan trekkast dersom område for råstoffutvinning i si heilheit vert teke ut av planforslaget.	Arealforslaget Høgholmen - vert tatt ut av planen.	Motsegn
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Merknad Plankarta er ikkje konsistent med planføresegna. T.d. er ikkje gytefelta som Havforskningsinstituttet har registrert lagt fullstendig inn med omsynssone i karta.	Her kan det vere rom for misforståing da plankartet har vist desse områda både som omsynssone og formål. I plankart for 3GH er underformålet FI med kategoriane - fiske, låssetting, trål og gyteområde vist som formål.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Merknad 4 av områda for råstoffutvinning som er teke med planen etter siste høyring er ikkje konsekvensutreia.	Dette er område som allereie er i bruk, så ikkje behov for KU.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Merknad Planføresegnene er framleis uklare og kan mistolkast.	Teke til orientering.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	2.3.2 tredje kulepunkt: Ved søknad om oppdrettsanlegg og eventuell byggesøknad knytt til føremålet, <u>klarings- eller etableringsløyve</u> , som kan medføre støy og som ligg under 500 m frå støyfølsam busetnad som definert i gjeldande rettleiar, skal det leggjast ved støyutgreiing. Det skal dokumenterast kva avbøtande tiltak som skal redusere støyulemper for busetnad eller viktige friluftsområde. Den delen av føresegna som omhandlar saksbehandling etter akvakulturlova (understreka tekst ovanfor) må gjerast om til retningsline, på grunn av manglande heimel til føresegn.	Endra føresegn	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- Retningsline til 2.3: Gyte- og oppvekstområde er satt av til fiskeområde i plankart. Denne opplysninga stemmer ikkje for alle gyte- og oppvekstområde, og kan slik misforståast.	Her kan det vere rom for misforståing da plankartet har vist desse områda både som omsynssone og formål. I plankart for 3GH er underformålet FI med kategoriane - fiske, låssetting, trål og gyteområde vist som formål.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	2.5 a): Ved regulering og iverksetting av nye tiltak (ink. oppdrettsanlegg) skal energieffektivisering og miljøvennleg energiforsyning nyttast (td. landstraum) når det er mogleg å få realisert. Til 1. gongs offentlig ettersyn stilte Fiskeridirektoratet spørsmål ved heimelsgrunnlaget for føresegner om energieffektivisering og miljøvennleg energiforsyning. Vi rår til at heimelsgrunnlaget vert avklara i dialog med sektorstyresmaktene for energi og forurensing. Uavhengig av heimelsgrunnlaget for føresegna som er på høyring, vil vi hevde at den ikkje oppfyller kravet om at føresegner skal være konkrete og eintydige. Det er uklart kva som er meint med «mogleg å få realisert». Det kan tolkast både som «teknisk mogleg» og som «økonomisk mogleg».	Det er ønskeleg å gi dette signalet i føresegn. Søker å få avklart dette med Stasforvaltaren.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 2.5 b): Tiltak knytt til infrastruktur kan tillatast når det dokumenterast at tiltak ikkje vil forverre: o Marine naturtypar sin verdi eller funksjon og leveområde for sårbare arter o Områda sin verdi eller funksjon som gyte og oppvekstområde for marin fisk o Områda sin verdi og funksjon som friluftsområde. Avbøtande tiltak skal alltid vurderast.  Tiltak knytt til infrastruktur bør heller ikkje tillatast der dei kan kome i vesentleg konflikt med omsynet til utøving av fiske. Vi rår til at dette vert innarbeid som eit nytt kulepunkt i denne føresegna	Endra førsegn. Lagt til kulepunkt	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 2.6 c): Byggeområde som ligg i faresone H310 skredfare skal vurderast med omsyn til reell fare, og krav til sikringstiltak, før løyve kan bli gitt. Dette gjeld også for akvakulturareal som vert liggande i faresone H310 skredfare. Flaumsone skal også vurderast. Vi stiller spørsmål ved heimelen for denne føresegna, jamfør merknad til føresegn 4.1.2 a) første avsnitt.	Endra føresegn	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 3.1 f): Plan eller søknad om tiltak som medfører varig eller mellombels inngrep i sjøbotn eller som har (vesentleg) påverknad for hovud- eller underføremåla her, skal leggjast fram til rett mynde for uttale før vedtak vert fatta, jf. pbl. § 11-7 nr. 6. Dette er slik vi forstår det er ei føring for kommunen si saksbehandling av søknader. Det kan ikkje gjevast føresegner om saksbehandling, jamfør rettleiaren «Arealdelen i kommuneplanen» (Kommunal- og distriktsdepartementet 2022), kap- 4.4.7. Føringa er såleis å rekne som ei retningsline, og bør derfor visast som det i dokumentet.	Endra føresegn og retningsline.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 3.1.1 b): I område går ferdsle framfor anna bruk. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for ferdsle. Fiske kan gå føre seg så lenge det ikkje er til hinder eller risiko. Setninga som er understreka må takast ut av planen. Utøving av fiske vert regulert av havressurslova og anna sektorregelverk, ikkje av plan- og bygningslova.	Endra føresegn.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 3.1.8: Hovudføremålet er sjøområde for fiske som har underføremåla fiske fiske, kaste og låssetting, rekestrål og gyteområde. Planføresegnene inneheld framleis underføremål til underføremålet «fiske». Fiske kan ikkje inndelast i ytterlegare underføremål på kommuneplannivå, jamfør vedlegg 1 A til kart- og planforskrifta.2	Hovudføremålet for bruk og vern av sjø og vassdrag har m.a. underføremålet Fiske (FI). Vi er samde om at det ikkje kan ha underføremål til FI og at dette var tvetydig i føresegna. Som fiskeridir foreslo har vi presisert at underføremålet FI består av 4 kategorier - fiske, trål, kast og låssetting og gyteområde. Denn kategoriseringa er nytta i kartet ved til dømes feltnamn - FI_lås. Føresegna er justert. I kart (pdf) vil det vises som FI. I digital versjon - vil kategoriseringa kome fram.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 3.1.8 i: Tradisjonelt fiske vert ikkje pålagt restriksjonar utan samråd MEDIAN(fiskerimynde, jf. pbl. § 11-11 nr 3. I den førre uttalen vår skreiv vi: «Fleire føresegner viser til fiskerireguleringar som vert vedteke med heimel i havressurslova. Slik regulering kan ikkje heimast i plan- og bygningslova. Vi ber om at informasjonen om denne typen problemstillingar vert flytta til planskildringa.» Regulering av fiske skjer med heimel i havressurslova. Opplysninga i føresegn 3.1.8 i er misvisande og må takast ut av planen.	Endra føresegn.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	- 3.1.9 første avsnitt: Føremålet er område for akvakultur i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn. I akvakulturområde går akvakultur framfor annan bruk av området. Tiltak som kan hindra eller forstyrra akvakulturverksemd, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda. Søknader om tiltak/ingrep på eller i nærleiken av områda, skal leggast fram for rett mynde for uttale før vedtak vert fatta, jf. pbl. §§ 11-7 nr. 6 og 11-11 nr 3 og nr.7. Den understreka setninga er slik vi forstår det er ei føring for kommunen si saksbehandling av søknader. Det kan ikkje gjevast føresegner om saksbehandling, jamfør rettleiaren «Arealdelen i kommuneplanen» (Kommunal- og distriktsdepartementet 2022), kap. 4.4.7. Føringa er såleis å rekne som ei retningsline, og kan derfor visast som det i dokumentet.	Endra føresegn og lagt inn retningline.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	3.1.9 andre avsnitt: Tiltak etter særlover kan berre tillatast dersom aktiviteten/tiltaket kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomsten, jf. pbl. §11-9, nr.6 og vassforskrifta §§ 4 og 12. Dette er slik vi forstår det informasjon om regelverk som følgjer av vassforskrifta. Fiskeridirektoratet legg som nemnt til grunn at krav som følgjer av lov eller forskrift ikkje skal takast inn i planføresegner. Denne opplysninga kan flyttast til planomtalen, eventuelt kan den omtalast som generell informasjon i dokumentet for føresegner og retningsliner.	Formuleringa er etter dialog med SF utvida og er heilt avgjerande for å unngå motsegn frå SF. Ser difor ikkje grunnlag for å endre denne. Uttalen frå Fiskeridirektoratet gjer og synleg kor ulik forståing av føresegn kan vere. Vert naturleg nok ikkje endra.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Løyve til utslepp frå akvakulturanlegg vert avklara gjennom behandling av søknad om løyve etter forurensningslova, jf. akvakulturlova § 6. Vi stiller på generelt grunnlag spørsmål ved om kommunen gjennom kommuneplanens arealdel kan stille andre krav til akvakultur enn dei som følgjer av forurensnings- og akvakulturregelverket. Vi viser til rundskriv H-6/18, der det står at «Kommunene bør være svært tilbakeholdne med å sette vilkår for akvakultur som reguleres av annet sektorregelverk, i sine areal-planer. Vilkår for godkjenning og drift av akvakultur fastsettes i lokalitetsgodkjenningssystemet som koordineres av fylkeskommunen.» Når det gjeld denne konkrete føresegna, vil vi i tillegg hevde at den ikkje oppfyllerkravet om at føresegner skal være konkrete og eintydige.3 Det er ikkje klart kva som ligg i omgrepet «minimalt utslepp av organiske partiklar».	Tredje avsnitt i denne delen av føresegna er ei vidareføring av gjeldande formulering frå kommuneplanen i Osterøy. Sterkt ønska av to av deltakande kommuner.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	<u>Kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Fortøyningar skal likevel ikkje gå inn i område avsett til «rekestrål – underformål T»</u> Fiskeridirektoratet rår til at den understreka teksten vert teken ut av føresegna. Opning for fortøyningar for akvakulturanlegg innanfor hovudføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone» (SOSI 6001) følgjer av føresegn 3.1. e), og treng derfor ikkje gjentakast. Dersom det skal vere slik opning innanfor andre underføremål enn akvakultur, bør føresegnene om dette stå i tilknytning til føresegnene om det aktuelle arealføremålet. Fiskeridirektoratet rår i frå at det i planen vert opna for fortøyningar i område avsett til underføremålet «Fiske» (SOSI 6300), og heller ikkje i det kombinerte føremålet for «Fiske og ferdslø» (SOSI 6800, VK_FAFI). Unntaket for «rekestrål - underformål T» som er gjort i føresegna som er på høyring er ikkje tilstrekkeleg for å ivareta fiskeriinteressene.4	Føresegn er endra. Det gjeld 3.1.8 og 3.1.9	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	3.1.9 a) iii. «Krav om etablering av landstraum skal nyttast der infrastrukturen er på plass for dette». Vi stiller tilsvarande spørsmål ved heimelen for denne føresegna som for føresegn 2.5 a.	Det er ønskeleg å gi dette signalet i føresegn. Søker å få avklart dette med Stasforvaltaren.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Føresegna er slik vi forstår det er ei føring for dei vurderingane kommunen skal gjere etter pbl § 12-1 andre ledd. Det kan ikkje gjevast føresegner om saksbehandling, jamfør rettleiaren «Arealdelen i kommuneplanen» (Kommunal- og distriktsdepartementet 2022), kap. 4.4.7. Føringa er såleis å rekne som ei retningsline, og kan derfor visast som det i dokumentet.	Endra føresegn, ny retningsline	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Retningsline til 3.1.9 b): For å ta områda i bruk til akvakultur vert det krevd løyve etter akvakulturloven. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planføremålet. I dei tilfelle området grensar til akvakulturområde kan fortøyningar lokaliserast utanfor AKV området. Innhaldet i denne retningslina er mykje det same som innhaldet i føresegn 3.1.9 a) ii. Vi viser til merknadane til den føresegna.	Endra retningsline.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Vi rår til at det til slutt i denne setninga vert lagt til «og vere sletta frå Akvakulturregisteret», slik at setninga blir: «Før akvakulturområde ved Vikane (AKV-05) i Austfjorden kan takast i bruk, må drift på lokaliteten Rekeviki i Alver avsluttast og vere sletta frå Akvakulturregisteret».	Endra føresegn	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Vi kan ikkje sjå at det er heimel i plan- og bygningslova til føresegn om kva teknologi som skal nyttast ved akvakulturanlegg. Føresegna må takast teken ut av planen.	Vidareføring frå KPA Osterøy. Formulering ønska av deltakande kommunar.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Regulering av fiske skjer med heimel i havressurslova. Opplysninga i føresegn 3.1.10 a) ii er misvisande og må takast ut av planen, jamfør også merknad til føresegn 3.1.8 i.	Endra føresegn.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Regulering av fiske skjer med heimel i havressurslova. Opplysninga i føresegn 3.1.12 c) er misvisande og må takast ut av planen, jamfør også merknad til føresegn 3.1.8 i.	Endra føresegn.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	"Lagring av fisk krev løyve etter gjeldande regelverk for levandelagring av villfisk og akvakulturlova."  Vi stiller spørsmål om kvifor levandelagring av villfisk og akvakulturlova er omtala i ei retningsline som gjeld for areal-føremålet «Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur». Vi rår til at setninga ovanfor vert teken ut av retningslina/informasjonsboksen, også fordi den er noko upresis. Regelverket for levandelagring inneheld ikkje krav om løyve. Søknader om slike anlegg vert behandla etter hamne- og farvasslova. Anlegg for fangsbasert akvakultur krev akvakulturløyve. For meir informasjon om dette temaet, viser vi til nettsida Levandelagring av villfanget fisk og fangstbasert akvakultur	Endra retningsline.	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	Den delen av føresegna som omhandlar saksbehandling etter akvakulturlova (understreka tekst ovanfor) må gjerast om til retningsline, på grunn av manglande heimel til føresegn.	Endra føresegn.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	<p>Den første setninga som er understreka ovanfor, er slik vi forstår det er ei føring for dei vurderingane kommunen skal gjere etter pbl § 12-1 andre ledd. Det kan ikkje gjevast føresegn om saksbehandling, jamfør rettleiaren «Arealdelen i kommuneplanen» (Kommunal- og distriktsdepartementet 2022), kap. 4.4.7. Føringa er såleis å rekne som ei retningsline, og kan derfor visast som det i dokumentet.</p> <p>Når det gjeld tilhøvet mellom akvakulturlova og TEK17, viser vi til byggesaksforskrifta § 4-3. Der framgår det at flytande akvakulturanlegg i sjø som er gjeve løyve etter akvakulturlova er unnateke reglane i pbl kap. 20-25 og 27-31. Føresegnene i pbl § 29-5 (Tekniske krav) og § 29-7 (Krav til produkter til byggverk) med tilhøyrande deler av byggtknisk forskrift gjeld "så langt de passer for nevnte tiltak». I vurderinga av kor langt TEK17 passar for akvakulturanlegg, er det viktig å vere merksam på at «Forskrift om krav til teknisk standard for akvakulturanlegg for fisk i sjø, innsjø og vassdrag (NYTEK23)» inneheld særreglar for akvakulturanlegg.</p>	<p>Handtering av risiko og naturfare er eit krav som skal takst i vare. NVE er svært tydeleg i melding til planarbeidet om korleis dette skal løysast. NVE viser til at sjølv om akvakulturanlegg er fritaken frå byggesakshandsaming som sådan er det ikkje den tekniske utforminga ein er ute etter, men å få dokumentert at naudsynt vurdering knytta til naturfare er gjort for å sikre anlegg og personell.</p>	
31	14.05.2023	Fiskeridirektoratet	<p>Planframlegget inneheld mange føresegn til omsynssover heimla i pbl § 11-8 bokstav c. Det er svært avgrensa kva føresegn som kan gjevast til denne omsynssover, jf. lovteksten i plan- og bygningslova og førearbeida til lova (Ot.prp.nr.32 (2007-2008), side 219). Vi kan ikkje sjå at det kan vedtakast slike føresegn til den planen som no er på høyring. Desse føringane kan visast som retningsliner. Rettsleg bindande krav som følgjer av sektorregelverk, må omtalast som informasjon, og ikkje som retningsliner som ikkje er juridisk bindande.</p>	<p>Lova gjev opning for å syne omsynssover i kart og gje både føresegn og retningsline. Planarbeidet har ikkje motteke merknadar til dette frå andre mynde og ein er i utgangspunktet ikkje samnd med Fiskeridirektpratet sin konklusjon.</p>	
32	45060	Vestland Fylkeskommune	<p>Etterlyser at det er vist til "Utviklingsplan for Vestland 2022-2027 og Vassforvaltningsplan i kap 2.3</p>	<p>Tatt inn i planskildringa</p>	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	<p>Endring av plankrav så vil VFK bli orientert</p>	<p>Tatt til orientering</p>	
32	45060	Vestland Fylkeskommune	<p>Føresegn Punkt 3.1.9 «Tiltak etter særlover kan berre tillatast dersom aktiviteten/tiltaket kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassføremkomsten, jf. pbl. §11-9, nr.6 og vassforskrifta §§ 4 og 12.» Kommentar: Tiltak må heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla. Foreslår å ta denne setninga med som tilleggetekst.</p>	<p>Setninga er tatt med.</p>	
32	45060	Vestland Fylkeskommune	<p>Vi foreslår å sette punktum etter negativt frå setninga over «Det bør ikkje opnast for nye tiltak som kan påverke miljøkvaliteten i resipienten negativt.» Siste del av setninga bør slettast då ho kan vere feil/misvisande, altså slett «dersom miljøtilstanden i fjorden ligg i tilstandsklasse III eller lågare ihht. Vassforskrifta».</p>	<p>Tatt inn i føresegn</p>	
32	45060	Vestland Fylkeskommune	<p>Punkt 5.8 Forureining og utslepp. Teksten om vassforvaltning er ok, men tittelen er noko misvisande, då god økologisk tilstand i vatn også viser til biologiske parametar (t.d. lakselus og rømd oppdrettsfisk) og fysiske parametar.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Til 1.gongs høyring kommentert vi: «Den interkommunale planen er ein omfattande plan som omfattar eit stort geografisk område. Plankarta er utan stadnamn og ID-nr på arealformåla. Dette gjer det vanskeleg å orientere seg i plankarta og å finne att innspelsområda som er vurdert i KU'en. Dette innspelet er derfor basert på generelle vurderingar og utfordringar knytt til friluftsliv, og dei konkrete konsekvensane av kvart enkelt arealformål er ikkje vurdert. Det vil dessutan vere vanskeleg å vurdere dei konkrete konsekvensane av eit arealformål på eit overordna nivå. I ein interkommunal blir det viktig å vurdere den samla belastninga og sørge for at nokre sjøområde blir fri for (nye) menneskeskapte inngrep. Arealføremålet Friluftområde kunne med fordel ha vore brukt fleire plassar i planen for å markere at friluftsliv og ikkje motorisert ferdsel skal ha forrang. Her kunne ein brukt kartlegging og verdsetting av friluftsområde meir aktivt og valt arealføremålet friluftsområde i tilknytning til sjøområde som er vurdert som svært viktige friluftsområde. Fleire av kommunane innanføre Region Nordhordland skal i gang med å registrere og kartfeste ro- og padleruter. Ro- og padlerutene vil etter kvart inngå i kartverket sin turrute-database og verte eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare detaljplanlegging og vurdering av tiltak i sjøområda i den regionale planen.» Vi kan ikkje sjå at dette er kommentert i merknadsskjema til 1.gongs høyring og opprettheld vår vurdering.	Tatt til orientering. Det er A områda som er vist. Det vil ikkje vere hensiktsmessig å vise meir. Friluftsliv ligg som ein del av hovudformålet i sjø. For sjø er det eit eige regelverk for ferdsel.	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Arealbrukskategorien fiske er nytta kring både noverande og framtidig AK-område ved Vikane. Det må i føresegnene sikrast at det kan leggjast fortøyningar i denne arealkategorien om det ikkje er til hinder for fiskeriaktivitet.	Det er lagt inn kombinert formål rundt anlegget og det er også tatt omsyn til det i føresegn.	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Vestland fylkeskommune ber om at denne føresegna om minimalt utslepp av organiske partiklar til resipienten vert teken ut. Formålet som kommunane ønskjer å ivareta er vert teken hand om sektorlovverket, og av føresegna 2.3.1. Ved planarbeid og tiltak må ein følgje dei til ein kvar tidgjeldande krav til: • Vasskvalitet og miljømål, jf. Vassforskrifta kap.2, §§ 4 og 12 • Omsyn til vi laksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks, jf. nmfl §13	Formuleringa er ei vidareføring frå Osterøy kommune. Strekt ønskeleg frå deltakande kommune i arbeidet at framleis skal vere med.	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	I føresegn 3.1.9 b) Arter, er dei fleste AK-område vorte differensiert på art ved å bruke artane som er tildelt i løyve etter Akvakulturlova. Ein kan i planen lage føresegner for kva artar som kan gjevast løyve til i eit AK-område. Konsekvensen av å legge gjeldande artar på alle lokalitetane inn som føresegn er at det ikkje kan søkast om andre artar på lokalitetane. For dei kommersielle artane laks og regnbogeare er dette truleg uproblematisk, men vi tenker at dette kan vera uheldig for artar som er i ein utviklingsfase. Til døme vil det vera i strid med planen å søke om å få teste ut ein annan tareart enn det som er spesifisert i føresegna til AK-området.	Formuleringa som gjeld art kan justerast, men planarbeider meiner det er avklarande å gjere tydeleg kva artar ein kan forvente å drifte i dei ulike vassførekomstane. Om det gjeld artar (fisk) i utviklingsfase vil ein kunne søke dispensasjon frå plan og grunnkje denne. Når det gjeld tare kan denne også justerast, men i diskusjon om naturpåverknad og særleg frammande artar er det ønskeleg å ha ei forutseieleg ramme.	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Føresegn 3.1.9 c) Særskilte for desse akvakulturlokalitetane gjeld krav om rekkjefølgje og andre omsyn er monaleg endra ved andre gangs høyring, men føresegna gjeld framleis drift og tekniske tilhøve. Formålet er produksjonsregulering for å hindre ytterlegare miljøpåverknad av lakselus på vill anadrom laksefisk eller auka utslepp til resipienten. Fylkeskommunen vil gjenta at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormyndene har tilsynsansvar. Ref. rundskriv H6/18 frå KMD.	Etter ønske frå kommunane Masfjorden og Osterøy er denne formuleringa ført vidare frå kommuneplan for Osterøy. Lokalitetane har ikkje vore i bruk på ei tid og ein har dei med for å kunne ha tilgjengleg areal for utprøving av anlegg. I motsett fall er det risiko for at areala (føremålet) vert teke ut av plan i det heile.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknamen - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Motsegn til framlegg av kart og føresegn Vestland fylkeskommune har fremja motsegn til planen med merknader og innspel til både generelle føresegnar og føresegnar til arealformål. I. Kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene og plankart. Motsegn fell bort om føresegna og plankart vert endra.  Planleggar har ikkje vist kulturminne bandlagt etter kulturminnelova i plankartet. Planleggar har lagt inn kulturminnedata som er ufullstendig, dette er ikkje retta opp ved 2. gongs høyring. Motsegn vert difor ståande når det gjeld plankart.	Vert retta opp i samsvar med fylket sitt innspel. Dialog om presentasjon i kart då planområde ikke går opp på land medan det er ønskeleg at planarbeidet skal gjere synleg kulturminn som ligg i strandsona. Kompromi om å gjere synleg kulturminne 50m inn på land. så må ein i tillegg gjere synleg desse på passende vis da mange registreringar berre er eit punkt, men dette er ikkje ein presentasjonsval på dette plannivået.	Motsegn
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Alver kommune: Merknamen vår knytt til 4631-124 Småbåtanlegg Lurefjorden Haukåsstraumen gjeld ei påminning om at tiltak innanfor området ikkje kan skje før det føreligg positiv uttale frå regional kulturminnemynde.	Tatt til orientering	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Austrheim kommune: Merknamen vår knytt til 4632-156-1 Fensfjorden Austfjorden Hindnesfjorden gjeld krav om reguleringsplan. Dette er tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Fedje kommune: Merknamen vår til 4633-154 Hjeltevarden var det knytt motsegn til frå Statsforvaltaren og Kystverket ved 1. gongs handsaming.	Tatt til orientering	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Masfjorden kommune: ID 4634-138-6 Totland var der knytt motsegn til frå Statsforvaltaren ved 1. gongs handsaming. Vi tar merknamdsgjennomgangen til etterretning.	Tatt til orientering	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Konklusjon kulturminne og kulturmiljø Med bakgrunn i ovanforne finn avdelingsdirektør for kultur og folkehelse ingen grunnlag for å oppretthalde motsegn II, III, IV, V og VI fremja ved 1. gongs høyring. Motsegn I gjer seg framleis gjeldande då kartdata ikkje er oppdatert i samsvar med våre krav.	Tatt til orientering	
32	14.05.2023	Vestland Fylkeskommune	Konklusjon Vestland fylkeskommune har kommentarar og merknamen til det planfaglege, og temaa strandsona, friluftsliv, vassforvaltning, akvakultur, mineralressursar og kulturminne/kulturmiljø. Våre merknamenar til planen ved 1. gongs høyring er i stor grad løyst og teken til følge. Etter delegeringsreglementet for Vestland fylkeskommune fremja administrasjonen ved 1.gongs høyring motsegn for konfliktane knytt til sektoransvara som vert forvalta gjennom kulturminnelova. Vi ser ingen grunnlag for å oppretthalde motsegn II, III, IV, V og VI fremja ved 1. gongs høyring. Motsegn I gjer seg framleis gjeldande då kartdata ikkje er oppdatert i samsvar med våre krav. Ved endringar etter dialogmøte med Statsforvaltaren ynskjer vi å haldast informert og ber om å få oversendt endringar i planmateriale.	Tatt til orientering	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Forslaget til andre gongs offentlig ettersyn har ei langt betre kopling mellom kartet og føresegnene. Det er likevel framleis nokre område der det er utfordrande å sjå kva område i kartet føresegna gjeld for. Nokre stader ser det ut til at føresegnene viser til område i kommuneplanane, som i IKP for sjø har fått nye namn. Eksempler: Tabell 13, side 26. Det ser også ut som nokre føresegnar omhandlar areal som ikkje er markert i kartet, eks. 3.1.4 og 3.1.8 (oppdelinga av fiske i fiskeområde, låsettingsplasser mm). Akvakulturområde Straumøyna i Gulen (KU nr. 4635-155-1) manglar namn i plankartet. I plankartet nord i tidlegare Meland kommune er eit fleirbruksområde i sjø avmerka VK_FFA. Kva gjeld her?	a) Tab 13 - er disse BAB områda i kart? - Ja - OK b) 3.1.4 - skal hovud og bilei markerast noko meir i kart? <b>NEI - OK</b> c) 3.1.8 - gjere synleg kategorisering 4 stk av underformål fiske? <b>NEI -OK</b> d) 4635-155-1 - Straumøyna - manglar namn i plankart - skal ha AKV_26 <b>OK</b> e) Plankart nord i "Meland" VK_FXFA (skjelanger)	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Vi rår også til at ein gjennomgåande i overskriftene skriv forkortingane som vert nytta i plankartet. Dette vil gjere koplingane klårare. Eksempel: 3.1.2 Ankringsområde bør ha ANK i parentes bak.	Tatt til følge. Lagt inn i føresegn. Sjekk rett forkorting og innlegging i kart	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Det er framleis mange føresegnar som gjeld areal på land. Slik vi ser det er det unødvendig og uklart å ha dette med. Det tåkelegg det denne planen skal omhandle, sjøareala. Om dette er føresegnar som er i KPA i dag, vil dei framleis gjelde for areala på land. I denne planen må føresegnene gjelde for arealet i sjø.	Det som står om land i denne føresegna er naudsynt for å ivareta sjøarealet. Vi ser ikkje noko grunnlag for endring.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Det er mange føresegnar som omhandlar plankrav. Dei er uoversiktlege, omfattande og til dels motstridande. Dette gjer det vanskeleg å vurdere verknaden. Mange av areala som er omfatta av unntak frå plankrav er areal som ligg i strandsona. Areala er i stor grad vidareført frå gjeldande kommuneplanar, utan ei ny vurdering av verdiane i strandsona. På bakgrunn av dette meiner vi det er viktig med eit strengt og tydeleg plankrav, der ein også skal vurdere om areal kan byggast. Det bør også gå klart fram at areala er vidareført utan ei ny vurdering, og at areala må vurderast i lys av ny statleg planretningslinje for strandsona når kommunane skal revidere kommuneplanane sine.	Føresegna er omarbeida. Dei punkta som gjeld plankrav og unntak frå plankrav er tydeleggjort og forenkla. Aktuelle punkt i føresegna er: - 2.1. - 3.1.7 - 3.3.2	
33	25.05.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Vi meiner også at kombinert formål for ferdsel og akvakultur bør ha plankrav. Områda er store og omfattar mykje av strandsoneareal. Vi rår sterkt til dette.	Har vanskeleg med å sjå logikken av dette. Alle andre område for akvakultur er det ikkje plankrav. Område dekkjer ikkje noko strandsoneareal da det utelukkande er i sjø.	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Føresegn 3.1.12 handlar om kombinert formål i sjø og vassdrag. Her står det at det kan gjerast tiltak i tråd med det einskilde føremålet eller i kombinasjon av fleire som fremmer intensjonen og bruk. Tiltak kan vere mindre kai, brygge, utdjuping av farlei og liknande. Det vert også opna opp for utviding av eksisterande flytebrygge, til lengde på 12 meter. Statsforvaltaren meiner at kai og brygge ikkje høyrer inn under desse formåla og må takast ut. Utdjuping av farlei kan få vesentlege verknader for naturmangfald i sjø, og kan då vere reguleringspliktig. Det må også takast ut.	Føresegna er justert. Skildring av storleik og utforming av flytebrygge er fjerna. Særleg for område til friluftsliv er det ønskeleg med opning for mindre tilrettelegging som fremmer formålet og allmenn tilgang. Omfattande tiltak knytt til farlei kan vere reguleringspliktig og omtalt i føresegn pkt 3.1.12	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Vi har ovanfor, og i eige avsnitt om føresegn til akvakulturområda, prøvd å peike på dei viktigaste problema vi ser i føresegnene. Vi opplever ein god dialog om føresegnene, og har hatt eit konstruktivt arbeidsmøte med Region Nordhordland om temaet etter dialogmøtet. Statsforvaltaren finn likevel ikkje å kunne trekke vår generelle motsegn til føresegnene.	Blir svart ut i de konkrete merknadane.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Motsegn til vidareføring av gjeldande reguleringsplanar med omsynssone H910 er følgt opp i nytt planforslag. Areal som omfattar reguleringsplanar for både land og sjø, er ikkje tatt med. Desse skal vurderast i kvar enkelt kommune i samband med kommuneplanen for land. Vi vurderer at føresegnene til dei tre attverande reguleringsplanane som ligg i sjø må følgje plan- og bygningslova sine reglar om at nyaste plan gjeld ved motstrid, og eldre reguleringsplan detaljerer, der det ikkje er motstrid. Det er viktig at miljøføresegna i interkommunal plan gjeld for desse reguleringsplanane. Kunnskapsgrunnlaget tilseier at dei må det.	Føresegn for IKP sjø vil gå foran reguleringsplan ved motstrid. Presisert det i pkt 1.4 b	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Motsegn til manglande gjennomgang av eksisterande areal for akvakultur utan løyve er i stor grad følgt opp. Gulen kommune kunne i større grad grunnleggje kvifor dei vil behalde ein del areal, men vi er kritiske til at det i Osterøy og Masfjorden er valt å behalde tre areal (Øyjordvika, Barlingsbotten og Bergsvik) som ikkje er eigna for akvakultur. Vi rår sterkt til at dei vert tekne ut av planen.	Dette er areal som utelukkande egner seg for anlegg som nyttar lukka teknologi. Det er viktig for regionen å ha noko slikt areal tilgjengeleg for utprøving.	
33	25.05.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Utviding av AK område Ådnekvam i Masfjorden er ikkje tatt ut. Det er opplyst at arealet er redusert. Vi kan ikkje sjå at arealet er redusert i vesentleg grad. Vi finn ikkje at dette endrar vår vurdering til første gongs offentleg ettersyn. Det er såleis framleis knytt motsegn til området.	Forslaget vert redusert vesentleg - om lag 80 daa i den vestlege delen.	Motsegn

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Kombinert formål med akvakultur ved Øksnesmarka er ikkje tatt ut. I merknad til vår motsegn står det at det er næringsformål på land, dei ønskjer lukka anlegg og det vil bli stilt krav om reguleringsplan. Statsforvaltaren vil opplyse om at sjølv om arealet på land er sett av til næring, er det store naturmangfaldverdiar i området som ikkje vart godt nok utgreidd i kommuneplanprosessen. Dette skal gjerast i reguleringsplanprosess, etter ønskje frå kommunen. Arealet på land er ikkje endeleg avklart for næring. Det er ein reguleringsplan i prosess som skal vurder arealbruken. Vi finn ikkje å kunne legge vekt på arealformål på land, som ikkje er endeleg avklart. Forslaget til arealbruk i sjø heng etter vårt syn nært saman med forslaget på land, og må eventuelt vurderast saman med dette. Det er òg verknader for naturmangfald. Vi kan ikkje trekke motsegna til dette området.	Uavhengig av planstatus og samanheng er det ønskjeleg frå Austrheim kommune at framlegget vert ført vidare.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	AK-område Hjeltevar den i Fedje kommune er trekt sørover og utvida. I merknad til vår motsegn står det at problemet med lakselus burde vere mindre her, og heller ikkje påverkar villaksen i negativ forstand. Vi er ikkje samd i denne vurderinga. Konsekvensutgreiinga viser også til at tiltaket vil auke belastninga på vill anadrom fisk. Vi kan ikkje sjå at flyttinga gjer at vi kan endre vår vurdering av AK-området. Statsforvaltaren har framleis motsegn til AK-område, Hjeltevar den i Fedje kommune, då vi meiner at kunnskapsgrunnlaget tilseier at arealet ikkje er eigna for akvakultur, slik planen viser.	Konstanterer at det har vore diskusjon om arealet over lang tid. Fedje kommune ønskjer at framlegget vert ført vidare.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Akvakultur på sjø og land på Totland i Masfjorden er ikkje tatt ut av planen. Vi ser ikkje at ny informasjon endrar vår vurdering. Statsforvaltaren har framleis motsegn til området.	Det vert ikkje gjort nokon endringar. Dersom resipienten skulle vere negativt belasta kan ein stille krav om at slammet vert ført i ledning utanfor terskelen i fjorden. Den delen av arealet som ligg aust for Fylkesvegen vil verta liggjande under bakken (fjellhall anlegg). Strandområde er i stor grad dominert av den gamle hermetikkfabrikken, som framstår som ei ruin med skjemmaende og farlege element i strandområdet. Ein transformering til ny næring vil vere god ressursbruk av arealet.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Elles er vi positive til omstruktureringa i Radfjorden, som er eit nytt grep i planen.	Tatt til orientering	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Det har vore viktig for Statsforvaltaren med gode og klare føresegnar for akvakultur, som sikrar at avsett areal til føremålet berre vert teke i bruk til berekraftig produksjon. På bakgrunn av at nasjonale miljøstandardar er overskridne for både vill anadrom fisk og vassførekomstar i store deler av planområdet, er det viktig å ha miljøføresegnar som sikrar desse omsyna. Vi opplever også føresegnene for akvakultur som veldig omfattande, og at dei med fordel kan forkortast og klargjerast betre. Vi vurderer at føresegn om at nokon lokalitetar berre kan nyttast til testing av tekniske løysingar, er å regulere drift. Dette er noko som høyrer heime i handsaming av ev. søknader om AK-løyve. I føresegn 3.1.9 må ein ta inn omsyn til vill anadrom fisk. Det må kome klart fram at tiltak som fører til forverring av miljøtilstand for vill anadrom fisk ikkje vil vere i samsvar med planen, det same gjeld for vassførekomstane. Om desse vert formulert godt, vil det ikkje vere naudsynt med tredje avsnitt i føresegn 3.1.9.	Føresegnene er justert. Det som er tatt opp under pkt 3.1.9 er "kopi" av føresegn frå Osterøy kommune. Det er ønskjeleg å føre det vidare.	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Tabellane som gjeld art for akvakultur er uklare, og overskrifta samsvarar ikkje alltid med tabellane. Vi stiller også spørsmål ved om det er hensiktsmessig å avgrense artar i akvakulturområda til berre laks/regnbogeaure/aure. Er det til dømes gjennomtenkt at ein ikkje tillèt tare i desse områda?	Etter dialog med SF er dette no avklart og teksten over tabellen er justert.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merkna den - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merkna d	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Når det gjeld fortøyingar for akvakultur, meiner vi framleis at det er viktig å vise desse i plankart, og sikre at dei ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Vi vurderer at dette ikkje er godt nok vist, vurdert og sikra i planen. Vi rår til ein viser areal for fortøyingar som kombinert formål rundt akvakulturområda.	Etter dialog med SF er ein samd om at ein på nye og vesentlege endra akvakulturlokalitetar teiknar inn kombinert formål som inkluderer fortøying.	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Statsforvaltaren vurderer i utgangspunktet at desse formåla burde takast ut av planen og flyttast til kommuneplanane for land. Dette fordi dei er så nært knytt opptil tilhøva og arealbruken på land. Statsforvaltaren hadde motsegn til fleire nye areal for småbåthamner/anlegg. I Alver kommune og Gulen kommune har temaa i andre offentleg ettersyn flytta til kommuneplanprosessane. Vi meiner dette er ei rett løysing og vil vurdere areala igjen i desse prosessane.	Tatt til orientering.	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Statsforvaltaren har motsegn til areala for småbåthamn ved Hosteland, vest i Masfjorden kommune. Vi ser ikkje grunnlag for å trekke motsegnene til desse areala.	SH 33 vert redusert og SH 32 vert auka noko. Arealinngrepet vert i stor grad samla i SH 32. Dette vil gi eit betre samla løysing for området. Desse endringane vert no snart fremja i områdeplan for Hosteland Vest.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Vi har også motsegn til småbåthamn på Solheim. Vi kan ikkje sjå at det er stilt eit klart plankrav til området. Føresegn 3.1.7 d) iii tabell 3 omfattar plankrav for eksisterande område på Solheim, og ikkje nytt. Vi meinte også at arealet skulle reduserast. Dette er ikkje gjort. I merkna dsskjema står det at reguleringsplanen skal avklare arealbruken nærare. Vi meiner at sjølv om arealbruken kan avklarast nærare i reguleringsplan, bør ein ta ut opplagte verdfulle område no. Dette gjeld særleg registrert badeområde.	Plankrav er tydeleggort i revidert føresegn. Reknar med at badeområde er det som SF peikar på som opplagt verdifullt område. I forslaget er det trekt lenger vekk frå badeområde. Område i kartet er redusert. Plankravet gjeld for alle områda som gjeld småbåthamn i Solheim.	Motsegn
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Det er lagt inn fleire nye areal for uttak av skjelsand. Skjelsand er ein ikkje fornybar ressurs, og naturtypen er eit viktig habitat for både krepssdyr og fisk og kan vere viktig som del av eit mosaikk av ulike habitat. Ifølge Havforskningsinstituttet er uttak av skjelsand og endring i straumforhold dei største trugslar mot naturtypen. Alle areala kjem ut raud i KU på tema naturmangfald. Statsforvaltaren saknar difor ein vurdering av behov og av om uttaket er berekraftig. Vi rår til at dette vert vurdert nærare og at areal eventuelt vert tatt ut, om aktiviteten ikkje er berekraftig og områda ikkje er eigna for uttak.	Vestland fylkeskommune og næringsaktør har tatt opp at der er behov for å sette av nytt areal til å ta ut skjelsand. Dersom dette skal nyttast som ein ressurs må der settast av nytt areal. Siden dette er ein naturtype vil ei KU vurdering gi farge raudt. Det er eit moderat forslag som er presentert.	
33	45071	Statsforvaltaren i Vestland	Det ligg føre motsegner frå Kystverket, Fiskeridirektoratet og Statsforvaltaren. Motsegnene må enten takast til følgje/ løysast i vidare planarbeid, eller så kan Region Nordhordland be om mekling, jf. pbl. § 5-6. Om det er eit ønske om klargjering av motsegner og rettleiing i vidare oppfølging, vil vi kunne hjelpe til. Vi tilrår vidare dialog om føresegnene.	Tatt til orientering. Planen vert lagt ut på 3GH	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
34	01.06.2023	<a href="#">Forsvarsbygg</a>	<p>I føresegnene må det skillast mellom Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø – og militære forbudsområder i sjø. I forslaget er følgande formulert;</p> <p style="text-align: center;">4. Omsynssoner (pbl. § 11-8) 4.1.2. Faresone (pbl. § 11-8 a)) (310, 320, 350, 370, 380,)</p> <p>e) Omsynssone for militær aktivitet (H380) Sona viser forswarets skyte- og øvingsfelt. Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø, som til dømes akvakulturanlegg innan for sona.</p> <p>i. Forbodsone</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Skyte- og øvingsfelt (Herdla) <input checked="" type="checkbox"/> Skyte- og øvingsfelt (Hjelte- og Mangersfjorden) <input checked="" type="checkbox"/> Skyte- og øvingsfelt (Herdlefjorden)</p> <p>For Forsvarets skyte- og øvingsfelt i Hjelte- og Mangesfjorden, så er denne føresegna riktig og tilstrekkelig formulert.</p> <p>Men den delen som gjeld Herdla og Herdlefjorden, må bli gitt ei eiga føresegn.</p> <p>Vi foreslår at ein skiller ut disse to områda og gir dei ei føresegn etter pbl §11-8, tredje ledd bokstav d. Ordlyd - «Sone for båndlegging etter anna lovverk» - vil være tilstrekkeleg.</p>	Tatt inn i føresegn	
34	45078	Forsvarsbygg	<p>Av plankartet framgår det at både Forsvarets skyte- og øvingsfelt, samt forbudsområda er innplassert. Til området i Herdlefjorden, er det derimot eit formål midt inne i feltet, som er avsatt som BSV. Dette området (BSV) mangler skravur over seg, for angivelse av militært forbudsområde i sjø. Av dagens møte synes vi enige om at ein som eit minimum, legg skravur også over dette området (BSV). Dette for å unngå potensielle konflikter og misforståing knytt til området, då det militære forbudsområdet også vil gjelde for området angitt som BSV. Alternativt kan heile området bli gitt arealformål Forsvaret (11-7, nr.4). Men løysinga med skravur vil for oss kunne være tilstrekkeleg.</p>	Justert i kart	
35	45061	Tor-Arne Helle	<p>Det har vore noko uklart kvar overgangen mellom arealplan og interkommunal plan for sjøareal er og det vart derfor ikkje sendt noko inn i første runde. Etter diskusjon på overordna nivå med kommune sendes likevel eit forslag om område for gjestebrygge på Stanghelle. Brygga vil ligga ved eit eldre kaianlegg og vil ta ca 50 kvadrat. I tillegg kjem fortøyning. Andre stader i Vaksdal har allerede muligheter for båtar å ankra opp. Dette forslaget gjeld ei brygge som vil ligge berre få meter fra togstasjon og dermed gjer det mulig å ankra opp for å kunne reise kollektivt til Voss eller Bergen. Stanghelle har per i dag ikkje eit slikt tilbod. Ber derfor om at det blir satt av areal til dette.</p>	I området er det ein gjeldande reguleringsplan. IKP sjø går til grensa/omrisset av reguleringsplan. I reguleringsplan er området satt av til Kommunalteknisk anlegg. Ved revisjon av KPA er man pliktige til å ta stilling til vidareføring av eldre reguleringsplaner. Dette arbeidet har ikkje mandat til å gjere vurderinga på land. Difor vert dette overført til revisjon av KPA land.	
35	45061	Tor-Arne Helle	<p>Utover dette er det viktig for kulturen langs fjorden at man får lov til å ta vare på gamle steinkaier og tømmerkaier slik at ein også i framtida kan gå i land med båt uten å øydeleggje båtar. Mange av kaiene i dag har hatt dårlig stell pga. utviklinga i fjordsamfunnet på veglause områder. I tillegg har vær og særleg is gjord skadar på desse opp gjennom åra. Dersom Vaksdal vil auka turisme frametter, som også omfatter det å gå i land, må ein i planen opne for å setja slike kaier i stand. Dette kan tas inn som eit eige punkt i føresegnene.</p>	Kai og andre anlegg ligg på land og er utanfor planområdet. Og det er ikkje naudsynt at det vert tatt inn i føresegn for å kunne ivareta/vedlikehalde desse. Skal bruken endrast eller større endringar må det søkast kommunen.	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	<p>1. Fylkesutvalet er positive til at kommunane i Nordhordland saman har utarbeida ein interkommunal plan for meir heilskapleg planlegging av sjøareala. Ei langsiktig og balansert arealforvaltning er viktig for eit berekraftig og nyskapande Vestland.</p>	Tatt til orientering	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	2. I planområdet er nasjonale miljøstandardar overskridne gjennom høg belastning på vill laksefisk. Planforslaget har miljømålsetting og rammer for tiltak som kan betre miljøtilhøva i området. Plan- og bygningslova avgrensar moglegheitene for å stille krav til teknologi som til dømes tette anlegg. Fylkesutvalet støttar difor forslaget om gjennom vidare utviklingsprosjekt	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	3. Fylkesutvalet meiner miljømål etter vassforskrifta må vere ein integrert del av planen. Aktivitetar i samsvar med planen bør leie til at miljømåla vert nådd, og kan ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	4. Fylkesutvalet meiner at noverande akvakultur i stor grad er ivaretatt i planframlegget, og særleg er naudsynt fleksibilitet for eksisterande akvakulturanlegg	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	5. Fylkesutvalet rår til at akvakurområde som ikkje er eigna til laks og aure vert vidareført då desse kan nyttast til andre artar og produksjonsformer.	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	6. Det er sett av fire område med gjeldande konsesjon for skjelsandopptak og fire nye område for opptak av skjelsand som areal for råstoffutvinning. Fylkesutvalet meiner at skjelsand ved andre gangar høyring er tilfredsstillande handtert i planframlegget.	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	7. Fylkesutvalet meiner det er laga ein god plan med gode føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.	Tatt til orientering	
36	45084	Vestland Fylkeskommune - fylkesutvalet	8. Fylkesutvalet meiner at sjølv om det er få av arealinnspela som har negativ verknad for friluftsliv og folkehelse, kunne planen sikra friluftslivsinteresser enno betre. Arealføremålet Friluftområde kunne med fordel ha vore brukt fleire plassar i planen for å markere at friluftsliv og umotorisert ferdsel skal ha forrang.	Tatt til orientering	
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Høy påvirkning fra lakselus på vill laksemolt i 2022, gjør at PO4 ligger an til å få ytterligere nedtrekk i produksjonen for neste to-årsperiode (2024-2025). Det ser dessverre ikke ut til at nedtrekkene gjennom trafikksystemet gir tilstrekkelig reduserende effekt på lakselusproblemenene - hverken for vill laksefisk eller for oppdrettslaksen i de åpne merdene. PO4 er blant områdene langs norskekysten med den høyeste dødeligheten for både oppdrettslaks og villaks.	Er samd i at det må andre og meir målretta tiltak til.	
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Norske Lakseelver stiller spørsmål til om det finnes areal som faktisk egner seg til bærekraftig oppdrett av laks i åpne merder, i alle fall innfor de volumene som produseres i dag. Vi synes utviklingen i lakseluspåvirkningen i PO4, i de syv årene som denne er vurdert gjennom trafikksystemet, taler for seg selv (Figur 1).	Det er behov for å få til endringar for å få til dei endringane som er ønska.	

Nr	Dato	Avsendar	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad	Motsegn
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Norske Lakseelver ber derfor Region Nordhordland gjøre en grundig vurdering for om oppdrett i åpne merder som hovedproduksjonsmetode bør videreføres i regionen. Problemene virker alt for store til at tiltak som flytting av enkeltlokaliteter, små utvidelser i eksisterende arealer, små omstruktureringer av biomasse osv. vil gi tilstrekkelig reduserende effekt på lakselusproblemet.	Region Nordhordland har sendt brev til departementet om at plan og bygningsloven må endres slik at kommunane må kunne sette funksjonskrav til dei tekniske anlegga.	
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Oppdrett uten påvirkning på vill laksefisk, og muligheter til vekst i industrien Norske Lakseelvers oppfordrer Region Nordhordland gjennom Interkommunal plan å tilrettelegge for en storstilt omlegging av oppdrettsindustrien i kommunenes sjøarealer. Vi tror dette er eneste farbare vei til bærekraftig oppdrett uten påvirkning på vill laksefisk, og med muligheter for vekst i akvakulturindustrien.	Regionen ønsker å bidra i ei slik utvikling.	
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Bærekraftig oppdrett i Nordhordlands sjøarealer kan oppnås i rømningssikre anlegg uten utslipp av lakselus og med oppsamling av avfallsstoffer. Oppdrett i åpne merder er ikke forenlig med disse enkle funksjonskravene. Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland bør derfor stimulere til at mer oppdrett foregår i anlegg som oppfyller de enkle funksjonskravene som er nevnt over, og at antallet oppdrettslaks i åpne merder reduseres.	Regionen ønsker å bidra i ei slik utvikling. For å få til det må virkemidlane nyttast målretta og koordinert.	
37	12.05.2023	Norske Lakseelver	Norske Lakseelver mener framtidens løsning for oppdrett av fisk er i rømningssikre produksjonsformer som ikke sprer lakselus, og med mulighet for å samle opp avfall. Gulrot og pisk, i dette tilfellet en kombinasjon av tilbud om økt biomasse og miljøavgift, vil være effektive virkemidler for å katalysere en slik prosess. <sup>2</sup>	Regionen ønsker å bidra i ei slik utvikling. Oppdrettsnæringa må utvikle seg i ein bærekraftig retning der desse problema vert løyst.	